



Statens landbruksforvaltning  
Norwegian Agricultural Authority

# Årsrapport 2009



Foto:

© Colourbox.com: s. 10, 31, 35, 36, 40, 49, 50, 53, 57 og omslag.

SLF: s. 18, 21, 27, 28, 32, 38, og 43.

Oskar Puschmann: s. 15, 16 og 23.

Torbjørn Tandberg: s. 5 og 7.

Magnhild Apeland: s. 15.

Leif Hauge: s. 17



Layout og grafikk: Houston911

Trykk: Kampen Grafisk AS.

201026/500





## *Innhold:*

Dette er Statens landbruksforvaltning .....	4
Hovudmål for resultatområda .....	5
Administrerende direktør har ordet .....	6
Årskavalkade 2009 .....	8
Rekneskap 2009 .....	11
Forvaltning .....	12
Kulturlandskapet i jordbruket i Kulturminneåret 2009 .....	14
Ressurs, skogbruk og areal .....	19
Jordvern, arealbruk og eigedom .....	19
Miljø i jordbruket .....	22
Utviklingsprogram for klimatiltak i jordbruket .....	24
Økologisk produksjon og forbruk .....	24
Skogbruk .....	26
Erstatningsordningane i landbruket .....	28
Naturskade .....	30
Samarbeidsavtalar med andre .....	31
Landbruksproduksjon .....	33
Produserte mengder .....	34
Tilskotsforvaltning .....	35
Produksjonsregulering .....	37
Forsking .....	38
Samarbeid med andre .....	39
Handel og industri .....	41
Utviklinga i den internasjonale matvaremarknaden .....	41
Matindustrien og konkurranseforholda .....	42
Importutviklinga .....	42
Norsk jordbruksproduksjon .....	43
Prissystema .....	45
Omsetningsrådet .....	46
Import og tolladministrering .....	46
Eksport av landbruksvarer .....	47
Internasjonalt samarbeid .....	48
Ordningar retta mot norsk matindustri .....	48
Administrasjon .....	51
Kommunikasjon .....	56
Kontroll .....	58



# *Dette er Statens landbruksforvaltning*

Statens landbruksforvaltning (SLF) skal utføre direktoratsoppgåver for Landbruks- og matdepartementet (LMD). SLF er fagmyndigheita som sikrar ei einsarta forvaltning av verkemiddel i heile landet og gjennom heile verdikjeda.

Brukarretta og effektiv forvaltning av tilskotsordningar og juridiske verkemiddel og kontroll og dokumentasjon står sentralt. Vi skal også stille saman kunnskapar om landbruk og tilknytte samfunnsområde og bidra til eit heilskapleg vurderingsgrunnlag for landbruks- og matpolitikken.

SLF skal framover leggje større vekt på rådgivings- og støttefunksjonane. SLF skal ha oversikt over utviklingstrekk i heile verdikjeda, bidra til erfaringsutveksling med næringa og anna forvaltning, ha god kunnskap om resultatoppnåinga i forhold til gjeldande politiske mål og gi innspel til LMD om utviklinga av verkemiddel. SLF skal gi råd på eige initiativ, og rådgivinga skal ha høgt fagleg nivå for alle resultatområda. Formidling av landbruks- og matpolitikken og formidling av fag- og forvaltningskompetanse til regional og lokal forvaltning skal inngå i dette.

## **VERKSEMDSIDÉ**

SLF gir faglege råd, set i verk landbrukspolitikken og legg til rette for landbruket og matindustrien.

## **HOVUDMÅL**

SLF skal vere ei brukarretta og effektiv verksemd som innanfor rammene av nasjonal landbruks- og matpolitikk bidreg til å:

- Sikre ressursgrunnlaget i jordbruk og skogbruk
- Sikre verdiskaping og eit konkurransedyktig landbruksbasert næringsliv

## **STRATEGIAR**

SLF har valt fem strategiar for å nå hovudmåla for verksemda.

- SLF skal fremje verdiskaping i heile verdikjeda
- SLF skal auke bruken av FoU-basert kunnskap
- SLF skal kommunisere aktivt, samordna og brukarretta
- SLF skal levere dei brukarretta tenestene våre elektronisk
- SLF skal vere ein attraktiv arbeidsplass som gir rom for utvikling

## **VERDIAR: OPENHEIT – SAMHALD – TRUVERDE**

SLF forvaltar betydelege beløp og handhevar lover og forskrifter som omfattar rettar og plikter som betyr mykje for dei dei har verknad for. SLFs verdiar skal mellom anna vere eit uttrykk for at arbeidet som blir gjort, skal halde høg kvalitet som toler merksemd frå omverda. Vedtak blir fatta med bakgrunn i brei kompetanse, og brukarane skal ha tillit til at dei har fått riktig behandling.

## ADM. DIREKTØR



Ola Christian Rygh

## KOMMUNIKASJONSSTAB



Ellen Hov Aanæs

### ADMINISTRASJON



Tove Stølen

Personal og organisasjon

Økonomi og budsjett

Service- og dokumentasjonssenteret

IKT og drift

### RESSURS OG AREAL



Aud Børset

Landbruks- og naturskadeerstatning

Miljø og klima

Arealbruksutvikling

Skog og kulturlandskap

### LANDBRUKSPRODUKSJON



Reidar Olsen

Velferds- og pristilskudd

Direkte tilskudd

Produksjonsregulering

Ekstern kontroll

### HANDEL OG INDUSTRI



Jørn Rolfsen

Import

Markeds- og prisutvikling

Industriell bearbeiding og råvarepriskompensasjon

Markedsregulering

Prisutjevning for melk

## HOVUDMÅL FOR RESULTATOMRÅDA

### ADMINISTRASJON

På resultatområdet administrasjon har SLF oppgaver knytte til organisasjonsutvikling, personalforvaltning, rekneskapsføring, økonomistyring, beredskap, IKT drift og utvikling og andre fellestenester som sentralbord og arkiv. Dette skal bidra til ei velfungerande verksemd som utnyttar ressursane sine på ein effektiv måte, og som gjennom forvaltning og rådgiving sikrar brukarane effektive tenester.

### RESSURS OG AREAL

På resultatområdet ressurs, skogbruk og areal skal SLF bidra til å sikre ressursgrunnet for landbruksproduksjon og levande bygder. Arbeidsområda omfattar utvikling og forvaltning av verkemiddel og tiltak knytte til arealbruk, skog, miljø og kulturlandskap, økologisk landbruk og klimautfordringar. Vi forvaltar erstatningsordningane i landbruket og er sekretariat for naturskadeordninga. I tillegg ligg det koordinerande ansvaret i SLF overfor fylkesmannsembeta under dette området.

### LANDBRUKSPRODUKSJON

På resultatområdet landbruksproduksjon skal SLF bidra til å sikre matproduksjonen og ei stabil matforsyning. Arbeidsoppgåvene er knytte til utvikling og forvaltning av inntekts- og velferdsordningar, dei produksjonsregulerande verkemidla mjølkekvotar og husdyrkonsesjon, og ei rad mindre tilskotsordningar. Felles for ordningane er at det er primærprodusenten som er målgruppa. Sekretariatsoppgåvene for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, og Forskingsmidlane over jordbruksavtalen ligg også her. Det same gjeld ansvaret for ekstern kontroll.

### HANDEL OG INDUSTRI

På resultatområdet handel og industri skal SLF bidra til å sikre ein godt fungerande næringsmiddelindustri og ein stabil marknad som gir avsetning for norske jordbruksråvarer til stabile prisar. Viktige ansvarsområde er importvernet av landbruksvarer, sekretariatsfunksjonen for Omsetningsrådet, ordningar retta mot næringsmiddelindustrien, marknadsovervaking og innhenting av prisar på norske og utanlandske landbruksvarer. Næringsmiddelindustri, importørar og eksportørar er viktige målgrupper for desse ordningane.



## Administrerende direktør har ordet

Norsk landbruk og matproduksjon er i stadig større grad utsett for internasjonal påverknad og regulering. Variasjon i internasjonale mat- og råvareprisar påverkar konkurransevna til norsk jordbruk og matindustri.

Frå sommaren 2008 fall prisane på dei fleste landbruksvarer i dei internasjonale matvaremarknadene på grunn av globale økonomiske problem og gode avlingar. I løpet av 2009 var prisane likevel tilbake til om lag same nivå som i byrjinga av 2007. Dette har ført til at konkurransevna igjen er svekt. For landbruksforvaltninga har det vore heilt avgjerande å følgje med på utviklinga internasjonalt fordi det norske tollvernet må innrettast for å oppnå det som er fastsett i jordbruksoppgjeret.

Det blei importert landbruksvarer til ein verdi av 34 mrd. kr i 2009. Det er ein svak nedgang i verdi frå året før, mens importkvantumet fall med 6,5 prosent. Ikkje sidan 2004 har det vore registrert ein nedgang i importert kvantum av landbruksvarer. Det meste av importen kjem framleis frå EU-landa. Det er ein svak auke i importen frå utviklingsland. 19 prosent kjem frå land med generelle tollreduksjonar (GSP-land) og ein prosent frå dei minst utvikla landa som har nulltoll til Noreg. SLF vil halde fram med å auke kompetansen om landa sine eksportpotensial med sikte på å auke den relative delen deira av importen til Noreg.

Produksjonen av landbruksvarer har aldri vore så høg som no. Produksjonsauken har vore spesielt stor når det gjeld fjørfe og svin, og auken har skjedd i takt med større etterspørsel frå forbrukarane. Kornavlingane i Noreg var likevel små i 2009. Det førte til eit stort importbehov for å dekkje forbruket av kornråvarer. Grøntmarknaden var også prega av små avlingar med påfølgjande stort behov for import. Storfekjøtmarknaden var i ending i 2009, der eit mangeårig underskot blei snudd til overskot. Det er gode grunnar til å følgje nøye med på utviklinga innanfor meierivaremarknadene i tida framover. Ustabil meierivaremarknad ute kombinert med større differanse mellom innanlandsk og utanlandsk mjølkepris kan over tid bidra til at norsk prisdanning i periodar blir sterkare påverka av importprisar. Målprisane er

likevel tekne ut i alle produksjonar i 2009 med unntak av enkelte delar av frukt- og grøntsektoren. Det har derfor vore redusert behov for marknadsreguleringstiltak i året som er gått.

Om lag 46 500 landbruksføretak søkte om produksjonstilskot i 2009. Det var 1,6 prosent færre enn året før og er i tråd med utviklinga dei seinaste åra. Kostnadsnivået i Noreg ligg høgare enn dei landa vi importerer landbruksvarer frå, og er ein viktig føresetnad for å forstå behovet for ei særskild innanlandsk prisdanning. Ein del føretak prøver å forbetre mellom anna kostnads-situasjonen gjennom nye organisasjons- og samarbeidsformer.

I all hovudsak blir det samla produksjonsarealet i Noreg bevart, men det er klare regionale utviklingstrekk i arealutviklinga dei seinaste åra. Rogaland har vekst i jordbruksarealet, og det er eng og beite som aukar. Vestlandet elles har saman med dei to nordlegaste fylka betydeleg arealreduksjon. Delar av kornarealet på Austlandet blir lagde om til eng og beite. I Trøndelag blir det lagt om frå eng til beite og korn.

Det er klare og tydelege mål for å ta vare på ressursgrunnlaget for matvareproduksjonen i Noreg. Omdisponering av jordbruksareal til andre formål er irreversibelt. Den beste matjorda i Noreg ligg der dei fleste bur, og er under press frå ulike utbyggingsinteresser. Det er i hovudsak plan- og bygningslova og jordlova som regulerer forhold knytte til jordvernet sjølv om det viktigaste tiltaket mot omdisponering av matjord er ein aktiv grunneigar som kan syte for at areala er i bruk. Trass i dette blir meir matjord enn ønskjeleg omdisponert.

Regjeringas satsing på miljø i landbruket er betydeleg utvida med klimaspørsmåla det siste året. SLF har fått ei viktig rolle i samband med utviklingsprogrammet for klimatiltak i landbruket,

*Ola Christian Røgh*

Adm. direktør



som nasjonal skogbruksmyndighet og i samband med utviklinga av kunnskapsbehovet for vidare utvikling av politikk og forvaltning. Klimaspørsmålet inneber fleire nye utfordringar. Døme er auka avrenning av næringsstoff, endra dyrkingsforhold, fare for ras, storm og flaum til andre tidspunkt enn vi er vane med, og større førekomst av mykotoksin i korn. Ei framtidretta landbruksforvaltning må ha ressursar til å følgje opp dette framover.

SLF har teke aktivt del i markeringa av kulturminneåret i 2009. Samarbeidet med Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren om utvalde kulturlandskap og verdsarvområda har vore gjensidig fruktbart og nyttig. Spesielle miljøtiltak i landbruket og Regionale miljøprogram er veletablerte ordningar, som no er evaluerte og justerte i samband med dei årlege jordbruksoppgjera. Dette er gode døme på vellykka overføring av oppgåver til lokal og regional landbruksforvaltning samtidig som ein bevarer eit nødvendig samspel med nasjonale styresmakter. Slik oppnår ein også miljøbasert verdiskaping i små bedrifter spreidde over heile landet.

Innanfor økologisk produksjon og forbruk har det skjedd ein del endringar i 2009 samanlikna med året før. Hausten 2009 blei fristen for å nå målet om 15 prosent endra til 2020. Endringane i økonomien har ført med seg ein reduksjon i etterspørselen etter økologiske produkt. Samtidig er det klart at satsinga innanfor økologisk landbruksproduksjon er langsiktig og følgjer ei jamn utvikling. Prosentdelen jordbruksareal som er lagd om eller er under omlegging til økologisk drift, er 5,6. For å nå måla er det avgjerande å halde fast på stimuleringa av produksjonen og akseptere at etterspørselen vil variere over tid.

Skogbruket er påverka av finanskrisen som slo inn i 2008. Det førte til redusert byggeaktivitet, redusert etterspørsel etter treprodukt og lågare prisar på tømmerleveransar frå skogeigarar. Offentleg verkemiddelbruk overfor skognæringa er ført vidare og til dels forsterka det siste året.

Ved inngangen av 2009 var det 203 faste årsverk i SLF. SLF har fått fleire nye oppgåver utan å få tilsvarende rammeauke. Dette har stilt store krav til omstilling og omdisponering av ressursar. Arbeidsformer er lagde om, kompetansen er utvikla, organisasjonsformer er tilpassa nye krav, og alle ressursar er vurderte og flytta avhengig av kvar behova har vore størst. Samtidig er IKT-strategien, som set brukaren av SLFs tenester i sentrum, realisert. IKT-satsinga bidreg først og fremst til effektiviseringsgevinstar i næringslivet og i kommunal og regional landbruksforvaltning, mens ho har ført til auke av driftsutgiftene sentralt.

I 2009 blei SLF pålagt ei rad budsjettinnstrammingar som resultat av større effektiviseringskrav, overføring av oppgåver utan at medarbeidarane følgde med til andre verksemdar i staten, og varige rammekutt. Det har derfor vore nødvendig å redusere tallet på faste årsverk i 2009 sjølv om oppgåvemengda og krava til oppgåveutføringa har auka. Ved utgangen av 2009 budsjetterte SLF med 187 årsverk. Ei avdeling og tre seksjonar er lagde ned i løpet av året. Oppgåvene og medarbeidarane er overførte til attverande avdelingar.



## Årskavalkade 2009

JANUAR

### LEIGE AV MJØLKEKVOTE BLEI SETT I KRAFT 1. JANUAR

1. januar blei det nye regelverket for kvoteleige sett i kraft. Enkeltbruk kunne inngå avtale om leige av kumjølkkvote frå kvoteåret, som byrja 1. mars. Kvoteleige betra fleksibiliteten i kvoteordninga, både ved at produksjonen lettare kan tilpassast kapasiteten på bruket, og ved at kvotar frå ulike bruk kan leverast felles utan at dette må organiserast som ei samdrift. 736 (ca. fem prosent) av mjølkeprodusentane leigde kvote frå 560 eigedommar i 2009. Totalt blei det leigd 39 mill. liter kumjølkkvote.



FEBRUAR



### EU GIR IGJEN EKSPORTSTØTTE FOR MJØLK

I 2009 gjekk mjølkesektoren inn i ein krisetilstand. Meieri og bønder over heile verda opplevde etterspørselssvikt. EU gjeninnførte eksportstøtte for meieriprodukt for første gong på fleire år. Etter kvart blei det også gjort offentlege oppkjøp av meieriprodukt for å prøve å auke mjølkeprisane. Frå andre delar av verda blei dette sterkt kritisert. Men også USA, som målbar kritikken sterkt, var hardt ramma, og måtte etter kvart setje i verk både eksportstøtte og offentlege oppkjøp. I løpet av hausten snudde utviklinga. Optimismen kom tilbake i næringa, og prisane skaut i været.

MARS

### HEIMEL FOR VARIG VERN AV MATJORD

Omdisponeringa av dyrka jord i Noreg er større enn Regjeringas jordvernmål. Nedbygging av dyrka jord er irreversible inngrep. I mars overleverte SLF ein rapport til landbruks- og matministeren med forslag om ein heimel i jordlova for varig vern av den beste matjorda, samtidig som ein legg til rette for ordinær og tidsmessig jordbruksdrift. Rapporten inneheld også forslag til korleis verneprosessar etter ein eventuell verneheimel i jordlova kan gjennomførast. LMD har sendt rapporten på høyring.



APRIL

### TILTAKSPAKKE TIL SKOGBRUKET

Finanskrisen førte til redusert byggeaktivitet og redusert etterspørsel etter tømmer. For å halde aktiviteten oppe i primærskogbruket blei det løyvd 65 mill. kr i ekstraordinære midlar til uttak av energivirke frå skogen, til skogkultur og til utsiktsrydding langs turistvegar. Etter kvart blei mange aktørar engasjerte, i løpet av året er det teke ut energivirke som dekkjer varmebehovet for 17 000 husstandar. Fleire entreprenørar har gitt uttrykk for at aktivitetane hjelpte dei til å komme seg gjennom lågkonjunkturen.



MAI



### JORDBRUKSOPPGJERET 2009

Partane i jordbruksoppgjeret blei einige om ei ramme på 1,2 mrd. kr. Av dette var 290 mill. auke i målprisar og 560 mill. netto budsjettauke for 2010. I tillegg utgjorde den ekstraordinære investeringspakken for landbruket 200 mill. kr i 2009. I fordelinga av ramma blei det lagt særleg vekt på mjølkeproduksjon og anna grasbasert husdyrhald, mellom anna blei driftstilskotet til mjølk auka med 175 mill. kr og beitetilskota med 150 mill.



JUNI



#### POPULÆR SJØLVBETENING FOR MATIMPORT

Hausten 2008 blei det internettbaserte systemet for import av landbruksvarer lansert. ¾ år seinare blei heile 66 prosent av råvaredeklarasjonane for import av bearbeidde landbruksvarer levert elektronisk. Nesten halvparten av dei 192 største matimportørane melde no inn råvaredeklarasjon elektronisk. – Vi er ikkje nøgde før ni av ti brukarar føretrekkjer dette framfor gammaldags postgang, sa SLFs direktør Jørn Rolfsen i juni. – Når vi etter så kort tid får inn over halvparten av førespurnadene elektronisk, tyder det på at vi kjem eit viktig behov hos brukarane våre i møte, og at systemet er ein suksess.

JULI

#### ENDRINGAR I LOVVERKET FOR LANDBRUKSEIGEDOMMAR

1. juli blei odels-, jord- og konsesjonslova endra. Arealgrensene for odelseigedommar og for konsesjonsplikt for utbygd eigedom blei heva. I jordlova blei det innført varig driveplikt for alle eigarar av eigedom med jordbruksareal. I konsesjonslova blei reglane om buplikt skjerpa. Den som tek over eigedom frå nær slekt, og som ikkje skal oppfylle buplikta, må no søkje om konsesjon. Sambuarar har no fått same rettsstilling som ektefellar i lovverket. SLF har halde kurs om lovendingane for over 90 prosent av kommunane og for fylkesmennene.



AUGUST

#### SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKOT

46 513 føretak søkte om produksjonstilskot i august. Dette var 776 færre enn i 2008. Det blei gjort ei rad endringar i rettleiingsmateriellet til aktuelle søkjarar av produksjonstilskot og avlørsartilskot til ferie og fritid. Materiellet blei forkorta og forenkla. Vidare blei omtalen av desse tilskota på SLFs nettstad betydeleg forbetra i 2009. Brukarundersøkingar viste at brukarane sette pris på desse endringane.



SEPTEMBER



#### FALLANDE ETTERSPORSEL GAV OVERSKOT AV STORFEKJØT

Etterspørselen etter storfekjøt har vore stabil i fleire år. Prognosen tilsa at det ikkje ville vere nok norsk storfekjøt for marknaden. Allereie på våren blei det lagt til rette for import med reduserte tollsatsar. Men finanskrisa førte til at etterspørselen etter dyrare kjøtslag fall, til fordel for billegare. Etterspørselssvikten blei ikkje fanga opp tidsnok, og utover hausten auka behovet for å fryse inn varer på reguleringslaget, som på det meste telte 2100 tonn storfekjøt.

OKTOBER

#### «FÆRRE BØNDER SLUTTAR»

I slutten av oktober presenterte SLF førebels statistikk for utviklinga i talet på jordbruksføretak basert på søknader om produksjonstilskot per 20. august. Tala viste mindre reduksjon i talet på søkjarar enn tidlegare. Dette blei opptakten til ein større debatt både om utviklinga i talet på jordbruksføretak, kva som blir målt, og kven som kan definerast som bonde. Omtalane spente vidt og innebar både betraktningar om utviklingstrekk i næringa og forvaltninga av tilskota.



NOVEMBER



#### HISTORISK DÅRLEGE KORNAVLINGAR

2009-avlinga av norsk korn blei 28 prosent lågare enn året før. Ein må heilt tilbake til 1994 for å finne ein lågare produksjon av norsk korn. I sentrale kornområde var forholda vanskelege under vekstperioden og i innhaustinga. I tillegg til mindre avlingar enn gjennomsnittet førte dette til redusert kvalitet på kornet. Kvalitetsreduksjonen ramma spesielt kveiten, der ein stor del av avlinga blei fôr i staden for mat. Dei dårlege avlingane gav seg utslag i stor interesse for SLFs auksjonar av tollkvotar på råvarer til kraftfôr, med nesten ei tidobling av auksjonsprisen frå tidlegare år.

DESEMBER

#### NEDGANG I IMPORTVOLUMET

Importen av landbruksvarer har auka jamt sidan 2004. Denne tendensen stagnerte i 2009, med ein auke i verdien på 0,5 prosent og ein nedgang i volum på over seks prosent. Det er først og fremst frå nabolanda Sverige og Danmark vi importerer matvarer. Samtidig gjekk også eksporten av landbruksvarer ned. Gjennomsnittleg blei det dermed betalt rundt 40 øre i toll per kilo importerte landbruksvarer. Det er spesielt innanfor marknaden for frukt og grønsaker at det er behov for å supplere med import. Importnedgangen til Noreg reflekterte den nedgangen i internasjonal handel som prega finanskrisen.







## Rekneskap 2009

SLFs driftsramme står i St.prp. nr. 1 (2008–2009), kap. 1143/4143. I 2009 var SLFs driftsramme 173,1 mill. kr. Denne ramme hadde denne fordelinga mellom lønnsutgifter og kjøp av varer og tenester.

### DRIFTSUTGIFTER SLF

	REKNESKAP			BUDSJETT
	2007	2008	2009	2009
Lønnsutgifter	91 157 747	98 826 358	101 391 733	100 340 000
Varer og tenester	80 589 949	73 452 677	73 038 399	72 760 000
Sum driftsutgifter	171 747 696	172 279 035	174 430 132	173 100 000

Dei totale driftsutgiftene til SLF var 174,4 mill. kr i 2009. Dette er ein auke på 2,2 mill. kr frå 2008. I tillegg disponerte SLF 6,2 mill. kr som belastningsfullmakter til utvikling av IKT-system og utgreiingar gjennom jordbruksoppgjæret, desse er utgiftsførte på ordningane i tabell 3. Dei samla lønnsutgiftene var 101,4 mill. kr, og kjøp av varer og tenester var 73,0 mill. kr. Dette er høvesvis ein auke på 2,6 mill. kr og ein reduksjon på 0,4 mill. kr samanlikna med 2008.

### INNETEKTER SLF

	REKNESKAP		
	2007	2008	2009
SLFs inntekter	-38 453 581	-41 024 404	-40 543 986
Inntekter til Finansdepartementet	-257 405 519	-80 271 681	-123 992 057
Sum inntekter	-295 859 100	-121 296 085	-164 536 043

I 2009 hadde SLF eit inntektskrav i statsbudsjettet kap. 4143 på 33,48 mill. kr. Driftsinntektene på denne posten var på 37,0 mill. kr. SLF fekk i tillegg 3,55 mill. kr i fødsels- og sjukepengar. Overskotet av inntektskravet og fødsels- og sjukepengane inngår i SLFs driftsramme.

## FORVALTNING

Statens landbruksforvaltning forvaltar midlar både gjennom statens løyvingerekneskap både direkte frå statsrekneskap og gjennom statlege og ikkje-statlege fond. SLF har rekneskapsansvaret for desse statlege fonda:

- Jordfondet
- Landbrukets utviklingsfond (LUF)
- Skadefond for landbruksproduksjon
- Etter- og vidareutviklingsfondet i landbruket (EVL)
- Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt
- Utviklingsfond for jordbruket

Vidare har SLF rekneskapsføraransvaret for desse ikkje-statlege fonda:

- Prisetjammingsordninga for mjølk
- Kvoteordninga for mjølk
- Omsetningsrådet

For Etter- og vidareutviklingsfondet i landbruket (EVL) og Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt har SLF delt forvaltningsansvaret med fondsstyret, jf. fondsvedtektene. Midlane blir løyvde av fondsstyret, mens dei andre oppgåvene knytte til forvaltninga av midlane blir utførte av SLF. SLF har også ansvar for sekretariatsfunksjonen for Omsetningsrådet, styret for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt (fondsstyret) og styret for Forskningsmidlar over jordbruksavtalen (avtalestyret).

## FONDSREGNSKAP 2009

FOND	INNTEKTER	UTGIFTER	NETTO FINANS	RESULTAT
Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt	115 470 619	144 616 150	834 134	-28 311 397
Prisetjammingsordninga for mjølk	613 099 482	572 651 556	2 944 508	43 392 434
Jordfondet	-	4 200 000	-	-4 200 000
Landbrukets utviklingsfond <sup>1)</sup>	1 167 464 550	1 045 503 400	-50 866 627	71 094 523
Skadefondet for landbruksproduksjon <sup>1)</sup>	30 000 000	20 081 877	-	9 918 123
Etter- og vidareutdanning i landbruket	-	3 976 387	55 895	-3 920 492
Utviklingsfondet for skogbruket <sup>1)</sup>	3 271 000	3 423 891	242 186	89 295
Kvotordninga for mjølk	86 137 777	71 835 985	565 047	14 866 839
<b>Sum</b>	<b>2 015 443 428</b>	<b>1 866 289 246</b>	<b>-46 224 857</b>	<b>102 929 325</b>

1) Inntektene til fondene består hovudsakelig fra statens bevilgningsregnskap – fondsavsetninger.

Omsetningsrådets regnskap er ferdig først ved våren 2010 og blir lagt frem for rådet primo juni. For nærare informasjon om dei ulike fondsrekneskapane og tilskotsordningane, og SLFs inntekter viser vi til SLFs årsrapport del 1 som er oversend til LMD.

**SLFS UTBETALINGAR KNYTTE TIL STATSREKNESKAP I 2009**

POST	UTGIFTER	2007	2008	2009
1115.23	Særskilt prosjekt	-	1 499 999	750 000
1115.70	Tilskot til veterinær beredskap	32 320	-	-
1139.70	Genressursar, miljø- og ressursregistrering	6 080 000	6 130 000	6 140 000
1143.60	Tilskot til veterinærdekning	-	98 091 341	114 163 547
1143.70	Tilskot til kornberedskap	156 537	103 671	108 706
1143.71	Støtte til småslakteri	-264 627	-	-
1143.72	Erstatningar	297 850	297 850	298 167
1143.73	Tilskot til erstatningar m.m.	35 754 696	29 316 539	36 811 598
1143.74	Tilskot til prosjekt innanfor planteforedling	14 128 000	14 628 000	14 628 000
1143.75	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagt beitenekt	-	78 750	-
1148.70	Tilskot til sikringstiltak	9 582 280	34 902 993	-
1148.71	Naturskadeerstatningar	81 149 686	84 272 521	63 526 990
1149.51	Tilskot til Utviklingsfondet for skogbruket	3 271 000	3 271 000	3 271 000
1149.71	Tilskot langtransport skogvirke	429 720	1 567 388	19 575 601
1150.50	Fondsavsetningar	828 978 000	1 012 592 000	1 189 029 000
1150.70	Marknadsregulering	190 385 430	146 104 401	220 097 658
1150.73	Pristilskot	1 874 097 337	2 143 261 131	2 049 928 744
1150.74	Direkte tilskot	6 773 990 873	6 930 454 071	7 160 026 839
1150.77	Utviklingstiltak	165 901 518	155 066 611	172 077 863
1150.78	Velferdsordningar	1 526 405 425	1 632 428 308	1 656 038 478
	<b>Sum utgifter</b>	<b>11 510 376 045</b>	<b>12 294 066 575</b>	<b>12 706 472 190</b>



# Kulturlandskapet i jordbruket i Kulturminneåret 2009

Kulturminneåret 2009 sette sitt preg på arbeidet med kulturlandskap. Våren 2009 kunne landbruks- og matminister Lars Peder Brekk saman med miljø- og utviklingsminister Erik Solheim presentere 20 utvalde kulturlandskap i jordbruket som resultatet av eit fellesprosjekt mellom landbruks- og miljøforvaltninga. HKH Kronprins Haakon var til stades då dei 20 utvalde kulturlandskapa blei presenterte ved ei symbolsk opning i Vangrøftdalen, i Os kommune, Hedmark den 28. juni 2009.

«Spesielt verdifulle kulturlandskap skal vere dokumenterte og ha fått ei særskilt forvaltning innan 2010,» heitte det i oppdraget som blei gitt til Direktoratet for naturforvaltning (DN), Riksantikvaren (RA) og Statens landbruksforvaltning (SLF) 13. juli 2006.

Dei 20 utvalde områda viser noko av det mangfaldige jordbrukslandskapet vi har i Noreg. Det er lagt vekt på at områda skal gi ein best mogleg nasjonal representativitet med omsyn til landskapstypar, driftstilpassingar og geografisk spreing.

Dei store variasjonane i det norske landskapet gjer dette til ei utfordring, men spreinga i utvalet er stor: Her er fleire flotte seterområde i Midt-Noreg, kystlandskap med kystlyngheier frå Trøndelag til Lista, jordbrukslandskap med inn- og utmarksbruk på øyar langs Skagerrak-kysten og attverande lauvingsområde i Sogn og Fjordane. Her er eit typisk vestlandsk utslåttområde og eit typisk område for dalbygdene i Indre Agder. Her er gamle husmannsplassar og fulldyrka landbruksareal i aktiv drift i dei «breie bygdene» på Austlandet og område med samisk jordbruks-historie i Nord-Noreg.

Då ein valde ut områda, var det grunnleggjande at dei skulle omfatte både store biologiske og kulturhistoriske verdier. Samtidig skulle det vere realistisk å få til langsiktig drift, skjøtsel og vedlikehald. Vidare blei det lagt til grunn at områda skulle fylle kriterium som: heilskaplege landskap, kontinuitet og tidsdjupn, representativitet eller særpreg og formidlingsverdi.

SLF er også involvert i arbeidet med to av UNESCOs verdsarvsområde, Vestnorsk fjordlandskap med Nærøyfjorden og Geirangerfjorden, og Vegaøyane i Nordland – som utgjer nokre av Noregs flottaste jordbrukslandskap. Kulturlandskapsverdier som er skapte og utvikla ved jordbruksdrift, har blitt avgjerande for verdsarvsstatusen.

Ei landbruksnæring som er oppteken av heilskapen i produksjonen og verdiane i kulturlandskapet i jordbruket, er føresetnaden for at slike unike område blir tekne vare på og vidareutvikla. Samtidig er godt samarbeid og felles innsats på tvers av sektorar heilt nødvendig for å få til formålstenlege løysingar på komplekse oppgåver.

## KULTURLANDSKAPET I ENDRING

Jordbrukslandskapet er skapt av menneske i samspel med naturen. Til alle tider har vi hausta av naturen til mat, fôr og fiber. Slik har menneska medverka til å forme landskapet. Slåttenger, lyngheiar, beitemarker og lauvingslier er blitt til gjennom variert bruk av areala. Bygningar, steingjerde, gravhaugar og ferd-selsveggar er mødesamt bygde. Gardstun ligg i opne og varierte jordbrukslandskap.

Verdiane som ligg i kulturlandskapet er dynamiske og endrar seg over tid. Samfunnet vårt har forandra seg mykje på få generasjonar. Det er ikkje lenge sidan dei aller fleste av oss levde i og av kulturlandskapet. Landskapsendringane fortel ei historie om ein



SØRFOLD KOMMUNE, NORDLAND



VÅGÅ KOMMUNE, OPPLAND

velstandsauke og ei velstandsutvikling som har gjort kvardagen enklare for mange.

Målet med eit aktivt jordbruk over heile landet er nettopp å sikre levande bygder, spreidd busetjing, trygg og sikker mat og eit rikt kulturlandskap. Utfordringa i vår tid er at endringane skjer så mykje raskare enn før, gjennom effektivisering og modernisering i enkelte område og nedbygging og fråflytting i andre.

Jordbruksareala er ikkje så store i Noreg, samla utgjør dei berre rundt tre prosent av totalt landareal. Kulturlandskapsverdiar finn

vi i alle typar jordbrukslandskap, og det må leggjast til rette for at både kvardagslandskap og kulturlandskap med spesielle verdiar blir tekne vare på på ein måte som sikrar dei for framtida.

#### VERDIANE I KULTURLANDSKAPET I JORDBRUKET

Kulturlandskapet inneheld eit rikt biologisk mangfald som gir grunnlaget for mellom anna mat, opplevingar og helse. Her finn vi kulturhistoriske verdiar som speglar kultur, historie og tradisjon, og som er viktige for identiteten vår. Kulturlandskapet fortel om tradisjonar og levesett i generasjonar før oss, og kan gi oss viktig informasjon om utviklinga i samfunnet. Kulturlandska-



VALLE KOMMUNE, AUST-AGDER



FARSUND KOMMUNE, VEST-AGDER

pet er derfor ei viktig kjelde til kunnskap for skular og undervisning. Og det gir grunnlag for innovasjon både i eiga næring og andre næringer, til dømes reiselivsnæringa.

Bygningar og andre kulturminne har alltid vore synlege innslag i kulturlandskapet. Mange av desse er knytte til drifta i dag, mens andre vitnar om bruksform og ressursutnytting i tidlegare tider. Nesten ein tredjedel av den freda bygningsmassen i Noreg er lokalisert på landbrukseigedommar. Nye produksjonsformer og -krav endrar behov og bruk av bygningane på garden, og det kan vere ei utfordring å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane når dei ikkje lenger er ein del av den næringsmessige drifta.

Kulturlandskapet er også leveområde for ei rad fugleartar og andre dyr som står i fare for å bli borte når det biologiske mangfaldet endrar seg eller går tapt. Mange planteartar har tilhalds-staden sin her, mellom anna sjeldne orkidear. Rundt 30 prosent av dei trua artane i Noreg finn vi nettopp i kulturlandskapet i jordbruket. Å bidra til å sikre biologisk mangfald er ikkje berre ei forplikting vi er pålagde internasjonalt, det er ei investering for framtida.

Verdiane i kulturlandskapet i jordbruket er også ein viktig del av det produktet reiselivsnæringa i Noreg marknadsfører. Magasinet National Geographic Traveler har fleire gonger plassert dei





SELJE KOMMUNE, SOGN OG FJORDANE

norske fjordane på topp i destinasjonsmålinga si, ei kåring av dei best verna og forvalta reisemåla i verda. Noko av det som skil dei norske fjordane frå fjordar i andre land, er nettopp at dei er prega av menneskeleg aktivitet, oftast primærnæringar som jordbruk og fiskeri. Bygningar som klorer seg fast på hyller i stupbratte fjordlandskap, dyr som beiter i liene, og slåttemarkar som blir haldne i hevd, er grunnlaget.

#### KORLEIS TA VARE PÅ VERDIANE

Kulturlandskapet er dynamisk og i kontinuerleg endring, og dette byr på utfordringar når ein skal ta vare på verdiane. Det er aktivitet som har skapt særpreget, og det er aktivitet som held oppe balansen. Vi kan derfor ikkje forvalte kulturlandskapet gjennom tradisjonelt vern. Skal ein greie å utvikle og tryggje verdiane i dette landskapet, er eit levedyktig jordbruk ein føresetnad.

Dei to siste tiåra har kulturlandskap fått ein meir sentral plass i landbrukspolitikken. Erkjenninga av at det i mange tilfelle kostar litt ekstra å ta nødvendige omsyn til kulturlandskapsverdiane, har resultert i ei rad verkemiddel meinte for å tryggje og utvikle desse verdiane i god balanse med det aktive jordbruket. Ein stor del av budsjettmidlane over jordbruksavtalen skal sikre at jordbruksdrift blir bevart i heile landet, og det blir stilt klare krav om å ta miljøomsyn og ikkje gjere inngrep som har negative konsekvensar for kulturlandskapet.

Men landskapstypane er mange og varierte i landet vårt. Tilrettelegging for eit levedyktig jordbruk som samtidig sikrar kulturlandskapsverdiane, må tilpassast til kvar i landet ein er, og kva rettar som finst. Ei forvaltning som tek regionale og lokale omsyn, er ein føresetnad for å lukkast. Derfor er det etablert

differensierte miljøverkemiddel som bidreg til at ulike typar kulturlandskap kan sikrast og utviklast på ein best mogleg måte.

I alle fylka i landet er det utarbeidd regionale miljøprogram med ei rad ulike tilskotsordningar retta inn mot å sikre og vidareutvikle dei særlege verdiane i kvar enkelt region. I kommunane blir det gitt tilskot til kulturlandskapstiltak gjennom investeringsordninga Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Mange verneverdige bygningar og andre kulturminne, gamle kulturmarkar og verdifulle slåttemarkar er haldne ved like gjennom denne ordninga.

#### SAMARBEID ER EIN FØRESETNAD FOR Å LUKKAST

Komplekse oppgåver er det best å løyse i samarbeid. Kulturlandskap er eit tverrsektorielt fagområde som vedkjem mange, til dømes miljø, samferdsel, kommunale og regionale interesser. Jordbruket er berre ein av mange sektorar som er opptekne av dette.

Som landbruksdirektorat har SLF ansvar for å setje i verk den vedtekne landbrukspolitikken. Basert på kunnskap om status og utvikling på våre fagområde skal vi gi råd om fornuftige og realistiske tiltak for å få gjennomført politikken på ein god måte. Dette gjer vi best gjennom å samarbeide med andre fagetatar. Det gode samarbeidet som er etablert og vidareutvikla med mellom anna Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning, har vore avgjerande for å lukkast i dette arbeidet.





## Ressurs, skogbruk og areal

På resultatområdet ressurs, skogbruk og areal skal SLF bidra til å sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon og levande bygder. Arbeidsområda omfattar utvikling og forvaltning av verkemiddel og tiltak knytte til arealbruk, skog, miljø og kulturlandskap, økologisk landbruk og klimautfordringar. Vi forvaltar erstatningsordningane i landbruket og er sekretariat for naturskadeordninga. I tillegg ligg det koordinerande ansvaret i SLF overfor fylkesmannsembeta under dette området.

### JORDVERN, AREALBRUK OG EIGEDOM

#### MOTSEGN VED KOMMUNALE AREALPLANSAKER 2006–2009

Sidan våren 2006 og ut 2009 har SLF hatt motsegnrett i kommunale arealplansaker. Motsegnretten har gjeldt i saker der fylkesmannen har foreslått bruk av motsegn med grunngiving i vern av jordressursar, men der fylkeslandbruksstyret ikkje har følgd opp innstillinga frå fylkesmannen.

Frå 1. januar 2010 tek ordninga med fylkeslandbruksstyre slutt. Frå same tidspunkt blir det også slutt med ordninga med at SLF har motsegnrett. I heile perioden då SLF har hatt motsegnrett, har SLF hatt 63 motsegnssaker til behandling, fordelt på 14 fylke. SLF fremja motsegn i 46 av sakene. Samla omfattar desse motsegnene om lag 5 200 daa, av dei er ca. 4 500 daa jord som er eigna for kornproduksjon. I 2009 hadde SLF 19 motsegnssaker til behandling, fordelt på ni fylke. SLF fremja motsegn i 13 av desse sakene.

#### OMDISPONERING AV DYRKA OG DYRKBAR MARK


Omdisponering av landbruksareal skal rapporterast inn av kommunane via KOSTRA (Kommune-StatRapportering). Kommunane rapporterte samla på landbruksområdet via KOSTRA første gong i 2006 for rapporteringsåret 2005. Tala for omdisponert areal i 2005 var usikre med betydeleg underrapportering.

I 2009 blei det samla inn statistikk for rapporteringsåret 2008. Nær alle kommunane rapporterte dette året, og SLF vurderer tala for 2008 til å vere av noko betre kvalitet enn tala for tidlegare år. Kommunane rapporterer omdisponering av både dyrka og dyrkbar mark. Til saman utgjorde dette 14 945 daa i 2008, 7900 daa dyrka mark og 7045 daa dyrkbar mark. Dette er 600 daa mindre omdisponert dyrka mark og 400 daa meir omdisponert dyrkbar mark enn i 2007.

Regjeringa har sett som mål at årleg omdisponering av dyrka mark skal halverast innan 2010, slik at det då ikkje blir omdis-

Nasjonalt jordvernmål seier at vi innan 2010 skal halvere den årlege omdisponeringa av dei mest verdifulle jordressursane. I Noreg utgjer jordbruksareala ca. 3 prosent av totalt landareal, mens dei i verda dessutan utgjer ca. 10 prosent av areala. Vi har ca. 2,2 daa jordbruksareal per innbyggjar, mot ca. 2,7 daa per verdsborgar. I Noreg er berre ca. 1/3 av jordbruksarealet eigna for matkornproduksjon.

## TAL PÅ DAA DYRKA OG DYRKBART AREAL OMDISPONERT



ponert meir enn 5700 daa. Tala for 2008 viser at det vil bli krevjande å nå dette målet, sjølv om omdisponeringa i 2008 var klart lågare enn for åra 2002–2004.

Det kan verke som ei betydeleg utfordring å redusere årleg omdisponering av dyrka jord med endå rundt 2000 daa innan eitt eller to år. Sjølv om ein skulle nå det uttrykte målet før 2010, vil det by på utfordringar å halde omdisponeringa av dyrka jord på eit lågt nivå over tid. Dette er mellom anna fordi mange kommunar no i nokre år har kunna ta i bruk areal som er vedtekte omdisponerte i tidlegare regulerings- og kommuneplanar. Slike areal utgjer ein ledig «buffer» som før eller seinare vil bli brukt opp. Derfor vil nye framtidige arealbehov gi seg utslag i nytt press på dyrka og dyrkbar mark.

Det vil vere behov for å meisle ut eit klart og konkret nasjonalt mål for jordvernpolitikken for åra framover. Det ansvaret kvar enkelt kommune har for å utvikle ein arealpolitikk som i langt mindre grad fører med seg utbyggingspress på areal med verdifulle jordressursar, må gjerast tydeleg i denne samanhengen.

Som ledd i arbeidet med å følgje opp dei nasjonale måla om vern av jordressursar har SLF eit særleg ansvar for informative og juridiske verkemiddel. SLF driv eit fagnettverk overfor landbruksavdelingane til fylkesmennene, innanfor området areal- og planspørsmål. I juni 2009 arrangerte SLF ei arealnettverkssamling i Bergen/Os. Vi har også stilt med foredrag på fleire kommunesamlingar i regi av fylkesmennene.

### VERN AV VERDIFULLE JORDRESSURSAR

I mars 2009 la SLF fram rapporten «Verneheimel i jordlova» for statsråden. Her er det presentert eit godt verkemiddel for å gi

varig vern av dei mest verdifulle jordressursane i landet. Moglegheita til å produsere mat kan dermed sikrast for all framtid i område som får status som jordvernområde. Utgreiing av ein slik heimel blei tilrådd av Jordverngruppa i rapporten «Klimaskifte for jordvernet» frå 2008. LMD har sendt forslaget om verneheimel i jordlova på høyring fram til 10. januar 2010.

SLF er sekretariat for ei nasjonal styringsgruppe for landbruksbygg og kulturlandskap. Gruppa leier eit utviklingsprogram som skal gi betre tilpassing til kulturlandskap og byggeskikk ved oppføring av nye store landbruksbygg. Det blir også arbeid med registrering av verdifulle landbruksbygg, og med ny bruk av landbruksbygg som blir ledige til dømes ved å stimulere til ny næringsverksemd. I 2009 har styringsgruppa hatt tre møte.

### FORVALTNING AV ODELSLOV, JORDLOV, KONSESJONSLOV OG FJELLOV

SLF er nasjonal fagmyndigheit for forvaltninga av jordlov, konsesjonslov og odelslov, og også for enkelte saker etter fjellova. Det er generelt eit stort behov for informasjon i kommunane og hos fylkesmennene om regelverket og rammene for skjønnsutøvinga.

Den 1. juli 2009 tredde lovendingar i odelslova, konsesjonslova og jordlova i kraft. Endringane inneber betydelege forenklingar i lovverket, og odelslova er modernisert. Statens landbruksforvaltning førebudde lovendingane ved å utarbeide informasjonsopplegg og aktuelle skjema som skulle nyttast frå denne dato.

I løpet av hausten 2009 har SLF halde 1–2-dagarskurs om det fornya lovverket på kommunesamlingar i 12 fylke der til saman ca. 290 kommunar har teke del. Praktisk talt alle kommunane i



dei besøkte fylka har møtt på desse kursa. Resten av fylka vil få tilbod om SLFs deltaking på kurs tidleg i 2010. Tilbakemeldingane har vore mange, og dei fleste er positive til endringane i buplikta og meiner denne no er enklare å praktisere. Driveplikta blir oppfatta som krevjande å handheve, og her er det ønske om fleire retningslinjer frå sentralt hald om korleis kommunane skal praktisere. SLF vil summere opp tilbakemeldingane og følgje opp dette overfor LMD i 2010.

I september 2009 arrangerte SLF ei fagsamling for fylkesmennene i Trondheim. SLF har også drive utstrekt serviceverksemd for fylkesmenn, kommunar, partar i saker og privatpersonar på telefon og e-post. Statens landbruksforvaltning la ut ny informasjon om lovendringane på nett 1. juli 2009. På [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no) under temaet «Eiendom og jordvern» er det informasjon om dei enkelte lovene, dei viktigaste føresegnene og lenkjer til lovverk, skjema og rettleiingar. SLF har også lagt ut «Ofte stilte spørsmål»-lister med dei vanlegaste spørsmåla frå kommunar og private. Denne lista blir stadig oppdatert.

Det har falle dom i fire rettssaker i 2009. Staten vann Hakloa-saken der det var spørsmål om vedtak om ekspropriasjon av

husmannsplass var ugyldig. Staten vann også sak om gyldighet av Sogn og Fjordane fylkeslandbruksstyres vedtak om å pålegge boplikt på en eiendom. Staten tapte en sak om gyldigheten av fylkeslandbruksstyret i Nordlands vedtak om høgste lovlege konsesjonspris ved tvangssalg. Dommene er rettskraftige. SLF har hatt ei sak for sivilombodsmannen, som gav kritikk av saksbehandlinga ved vurdering av om fylkeslandbruksstyret i Sør-Trøndelags vedtak om å gi tillatelse til bygging av landbruksveg var ugyldig. SLF vurderte saka på nytt i samsvar med fråsegna frå ombodsmannen. Fylkesmennene har rapportert inn seks saker der ombodsmannen har gitt fråsegn. I tre av sakene blei det gitt kritikk av saksbehandlinga.

#### UTFORDRINGAR FRAMOVER

- Det vil vere krevjande å nå det uttrykte målet om halvert årleg omdisponering av verdifulle jordressursar innan 2010, og det vil by på utfordringar å halde omdisponeringa av dyrka jord på eit lågt nivå framover.
- Det vil vere behov for å meisle ut eit klart og konkret nasjonalt mål for jordvernpolitikken for åra framover.
- Det vil vere behov for vidare oppfølging av kommunane si handtering av dei nye reglane om driveplikt i jordlova.

## MILJØ I JORDBRUKET


### REGIONALT MILJØPROGRAM

I 2009 har SLF, etter samråd med avtalepartane, godkjent alle regionale miljøprogram (RMP) for perioden 2009–2012. SLFs gjennomgang viser at RMP for neste periode har fått ei styrkt målretting. Dette viser seg mellom anna i nye ordningar for å tryggje særskilte miljøformål og i at miljøformålet i eksisterande ordningar har fått ei tydelegare områdeavgrensing eller strengare vilkår for skjøtsel og driftsmetodar.

Samtidig har gjennomgangen vist at miljøfaglege kriterium og avgrensingar for tilskotsordningar er ei stor utfordring. For å sikre at RMP-ordningane held fram med å vere eit godt supplement til andre landbrukspolitiske verkemiddel, vil SLF, saman med regional landbruksforvaltning og fagmiljø, arbeide vidare med kriterium og utmålingsreglar.

Tal for det første søknadsåret i ny periode viser at innsatsen knytt til kulturmiljø og kulturminne har auka. For andre kulturlandskapstema ser det ut til at midlar er øyremerkte jordbruksområde med særskilte naturkvalitetar, opplevingsverdiar og andre særpreg, framfor generelle omsyn som opne landskap og liknande. På forureiningssida er det ei sterkare fokusering enn før på tiltak som førebyggjer tap av næringsstoff til vatn.

### FORDELING AV REGIONALE MILJØPROGRAMTILSKOT 2009



- Avrenning til vassdrag 43,3 %
- Kulturlandskap 33,1 %
- Kulturmiljø og kulturminne 12,3 %
- Biologisk mangfald 7,5 %
- Tilgjenge og friluftslivsverdiar 2,6 %
- Plantevernmiddel og avfall 1,1 %
- Andre miljøtiltak 0,2 %

### JORDARBEIDING OG AVRENNING

I kornproduksjon betyr jordarbeidingspraksis mykje for risikoen for tap av jordpartiklar og næringsstoff til vatn. Dersom åkerareala ligg i stubb om vinteren utan at dei blir pløgde, reknar ein at erosjonen blir redusert med 85 prosent samanlikna med ordinær haustpløying. Gjennom regionale miljøprogram blir det gitt tilskot til slike tiltak. Del av kornareala som ligg i stubb om vinteren, har auka med knapt ti prosent frå 2005 til 2008. Ser ein på stubbareal i forhold til vårkornareal, har prosentdelen auka med knapt 13.

Utsleppa av jordpartiklar, næringsstoff og plantevernmiddel til vatn blir kartlagde gjennom eit eige overvåkingsprogram (JOVA). Overvakinga blir gjort av Bioforsk på oppdrag av SLF. Det er gjennomført målingar sidan 1991. Resultata viser at det er stor grad av samheng mellom omfanget av avrenning frå jordbruksareala og tap av jordpartiklar og fosfor. Resultata viser at avrenning og tap av jord og næringsstoff jamt over har lege høgare dei tre siste åra, noko ein trur har samheng med meir nedbør, meir intense nedbørsepisodar og mindre frost om vinteren.

### MILJØVENNLEG SPREIING AV HUSDYRGJØDSEL

For å bidra til at husdyrgjødsel blir spreidd på miljøvennlege måtar som reduserer utslepp til luft og forureining av vatn, blir det gjennomført eit pilotprosjekt i utvalde geografiske område. Områda er valde ut slik at ein kan få erfaring med dei miljøvennlege spreiemetodane under ulike forhold i samband med husdyrtettleik, klima, nærleik til vassdrag og hellingsgrad på areala. For 2009 er det i jordbruksavtalen sett av 11 mill. kr til utprøvinga. Til saman blei det i desse områda i 2009 gjennomført miljøvennleg spreining av husdyrgjødsel på nærare 140 000 daa fordelt på nesten 900 føretak. Prosjektet blei sett i gang i 2008 og blir også ført vidare i 2010.

### BEITEPROSJEKTET

Formålet med beiteprosjektet er å få til eit betre sauehald med mindre tap av dyr på beite. I 2009 er det gitt støtte til prosjekt i Nord-Trøndelag, Møre og Romsdal, Oppland, Hedmark, Troms og Finnmark. I tillegg er det gjennomført ein nasjonal erfaringskonferanse. Ramma for prosjektet i 2009 har vore 5,5 mill. kr.

Beitebruk i Noreg er prega av stadig større tap av dyr på utmarksbeite. Erfaringar viser at rovvilt er hovudgrunnen til tap i enkelte område, mens alveld og flåttborne sjukdommar er hovudgrunnen i andre område. Beiteprosjektet viser at bruk av elektronisk overvåkingsutstyr på sau mellom anna fører til betre tilsyn, betre dokumentasjon av tap og meir effektiv nedsinking når dyra er på utmarksbeite. I prosjektet har ein også prøvd å finne årsaker til sjukdom.



Dei overordna måla for miljøprogramsatsinga er å bidra til auka målretting av miljøarbeidet i jordbruket, betre synleggjering av den samla miljøinnsatsen i jordbruket og å auke forankringa av miljøarbeidet både regionalt og lokalt. Miljøutfordringane er knytte til både reduksjon av ureiningar og sikring av verdiar i kulturlandskapet. Utfordringane kan vere svært forskjellige i dei ulike delane av landet.

I tillegg til større tap av dyr på beite er beitebruken prega av færre beitebrukarar med større besetningar og auka krav til produktkvalitet. Tidlegare beiteareal gror att, og det oppstår i større grad enn tidlegare interessekonfliktar mellom beitebruk og andre omsyn som rovdyr og turisme. I beiteprosjektet er det sett i gang prosessar i utvalde område for å få til ein framtidretta beitebruk.

#### UTVALDE KULTURLANDSKAP

I 2009 blei det valt ut 20 kulturlandskap i jordbruket som representerer ulike biologiske og kulturhistoriske verdiar. Det blei løyvd 5 mill. kr over jordbruksavtalen og 3 mill. kr frå Miljøverndepartementet. Midlane går først og fremst til grunneigarar i desse områda som inngår langsiktige avtalar om skjøtsel og drift. Markeringa av oppstart for dei utvalde kulturlandskapa var lagd til seterområdet Vangrøftdalen i Hedmark i juni, her var kronprinsen og 700 gjester til stades.

#### SPESIELLE MILJØILTAK I JORDBRUKET (SMIL)

Det blei løyvd 125 mill. kr til SMIL-ordninga i 2009. Midlane skal sikre at kulturlandskapsverdiar blir tekne vare på, og at forureining frå jordbruket blir redusert, utover det som er pålagt ved ordinær drift. Det er kommunane som forvaltar desse midlane, i gjennomsnitt går 80 prosent til å sikre kulturlandskapsverdiar.

Det er gjennomført ei ekstern evaluering av SMIL som mellom anna konkluderer med at ordninga gir positive miljøverknader, og at viktige føresetnader for ei god forvaltning er på plass. SMIL har medverka til at det er gjennomført mange miljøtiltak i jordbruket som neppe ville blitt gjennomførte utan ordninga. Samtidig viser evalueringa at både når det gjeld miljøeffektar og forvaltningsmessige forhold, er det variasjonar. Ordninga treffer heller ikkje alle miljøformål like godt. Partane i jordbruksoppgjeringa har på dette grunnlaget bestemt at ordninga skal først vidare med nokre justeringar. I 2009 blei derfor arbeidet med å revidere forskrifta sett i gang. Det blir lagt opp til at ordninga i større grad skal rettast inn mot dei viktigaste miljøtemaa, og at prosjekt som bidreg til å løyse dei største miljøutfordringane, blir prioriterte.

#### UTFORDRINGAR FRAMOVER

- Endra driftsmåtar i jordbruket og klimaendringar fører til aukande attgroing både av jordbruksareal som ikkje blir haldne i hevd, og utmark.
- Det er sett i verk ei rad tiltak for å redusere næringsstofftapet til vatn, men det er ofte vanskeleg å observere effekt i resipienten på kort sikt. Samtidig påverkar endra klimatiske forhold situasjonen over tid. Det er også store lokale variasjonar i avrenning og effektar av tiltaka.

## UTVIKLINGSPROGRAM FOR KLIMATILTAK I JORDBRUKET

SLF er sekretariat for Nasjonalt utviklingsprogram for klimatiltak i jordbruket. I 2009 har 13 prosjekt fått 5,2 mill. kr frå klimaprogrammet.

Det er gitt støtte til prosjekt der ein skal sjå nærare på kva effekt betre drenering kan ha på lystgassutsleppa, korleis ein kan auke bindinga av karbon i jord, både ved bruk av biokol og endra dyrkingssystem. Det er også gitt støtte til informasjons- og rettleiingsprosjekt.

St.meld. nr. 39 *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen* dreg fram produksjon av biogass basert på husdyrgjødsel og våtorganisk avfall som det enkelttiltaket som har størst reduserte effekt på klimagassutsleppa i sektoren.

Klimaprogrammet har i 2009 fått inn søknader relaterte til heile verdikjeda for biogass. Det er gitt støtte til prosjekt som arbeider med alt frå utvikling av logistikkverktøy til handtering av biorest. Det er også gitt økonomisk støtte til prosjekt der ein arbeider med utvikling og utprøving av ny teknologi for produksjon av biogass i mindre gardsanlegg. I sum vil desse prosjekta bidra med nyttig kunnskap. Det er sett som mål å utnytte 30 prosent av husdyrgjødsel til biogassproduksjon innan 2020.

3. juni 2009 arrangerte SLF parallellsesjonen «Matforsyning, forbruk og klima» som ein del av Landbruks- og matdepartementets klimakonferanse der St.meld. nr. 39 *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen* blei lagd fram. Representantar frå næringa, forskning og industri bidrog til å setje søkjelys på tema som mattryggleik, reduserte klimagassutslepp, forbrukarmakt, industristrategiar med meir.

### UTFORDRINGAR FRAMOVER

- Matproduksjon er ei kjelde til store klimagassutslepp. Samanhengane er komplekse, derfor er det viktig å skaffe eit godt kunnskapsgrunnlag før ein innfører nye tiltak i jordbruket.
- Sikre formidling av kunnskap og effektive tiltak til rettleiingstenesta i jordbruket og bønder.

## ØKOLOGISK PRODUKSJON OG FORBRUK

I LMDs nye handlingsplan for økologisk produksjon og forbruk: *Økonomisk, agronomisk – økologisk!*, som blei ferdig i januar 2009, er det gitt viktige rammer for SLFs arbeid med utvikling av økologisk landbruk.

### GENERELLE UTVIKLINGSTREKK I 2009

Mens vurderinga rundt årsskiftet 2008–2009 i stor grad bygde på at «marknaden er i ferd med å losne», og at norsk produksjon blir hengjande etter, er biletet blitt eit anna ved at marknaden i stor grad har stagnert siste halvår av 2009. På den andre sida har det i 2009 vore ein positiv tilgang på nye bønder som vil drive økologisk. Dette viser at økologisk landbruk stadig er i ein utviklingsfase der det er viktig å kunne tilpasse strategiar og tiltak til tidsaktuelle behov.

### PRODUKSJON

Ifølgje SLFs statistikk for produksjonstilskot var det ved utgangen av 2009 120 000 daa under omlegging til økologisk drift (karensareal). Dette var ein auke frå 102 000 daa i 2008. Totalt 415 000 daa er no lagt om til økologisk drift, ein auke frå 387 000 daa i 2008. Prosentdelen jordbruksareal som er lagd om eller er under omlegging til økologisk drift, er 5,3 (5,6 prosent ifølgje Debios statistikk, som også omfattar produsentar som ikkje får produksjonstilskot). Dette betyr ein auke på 4,8 prosent for 2009. Statistikken viser auke for alle økologiske planteproduksjonar, størst for grovfôrareal.

Om ein skal nå 15 prosent-målet i 2020, må det årleg i gjennomsnitt leggjast om ca. 2,8 gonger meir areal enn arealauken var på i 2009. I Debios kontrollordning er det registrert 2 851 sertifiserte gardsbruk som driv økologisk landbruksproduksjon.

### OMSETNING OG FORBRUK

Når det gjeld omsetning, har 2009 vore eit år med store svingingar. I første halvår 2009 var det ein nedgang i omsetninga i daglegvarehandelen både i verdi og mengd, men omsetninga tok seg opp att i andre halvår. Totalt for året 2009 var det ein vekst på nærare fem prosent i verdi, men ein nedgang i volum på over åtte prosent. Meir detaljerte oversikter vil bli publiserte i mars 2010 i «Produksjon og omsetning av økologiske landbruksvarer, rapport for 2009».

Merksemda på finanskrisen ser ut til å ha fått forbrukarane til å endre noko på handlevanane sine, og fleire handlar i lågprisjekker med mindre økologisk vareutval. Dette har gått ut over omsetninga av økologiske produkt.


Fleire av marknadsaktørane har hatt store utfordringar i 2009 – mellom anna med nødvendige økonomiske innstrammingar – og i slike situasjonar har ikkje profilering av økologiske produkt vore høgt prioritert.

### PRODUSENTRETTA TILSKOT

Det blei løyvd 113,2 mill. kr til omleggings-, areal- og husdyrtilskot for 2009. Dette er tilskot som kjem i tillegg til ordinære produksjonstilskot. I jordbruksavtalen er det lagt til grunn at økologisk produksjon skal gi minst like godt økonomisk utbytte som tilsvarande konvensjonell produksjon.



## ØKOLOGISK: UTVIKLING I AREAL OG TAL PÅ DRIFTSEININGAR



Kilde: Debio

### UTVIKLINGSTILTAK FOR Å FREMJE PRODUKSJON OG FORBRUK

Til utviklingstiltak innanfor økologisk landbruk blei det i 2009 løyvd 41 mill. kr. Hovuddelen av desse midlane går til ulike utviklingsprosjekt. SLF publiserer årleg rapporten «Utviklingstiltak innen økologisk landbruk», der alle prosjekt som har fått tilskot, blir omtalte. For utfyllande informasjon om dei ulike prosjekta viser vi til denne rapporten.

### UTVIKLINGSPROSJEKT

Til prosjekt knytte til rettleiing overfor primærprodusentar er det i 2009 løyvd totalt 12,7 mill. kr til 24 ulike prosjekt. Av rettleiingsprosjekta kan vi nemne «Gratis førsteråd», som blir gjennomført av Norsk landbruksrådgiving, «Motivasjon for økologisk kornproduksjon» i regi av mellom anna Bioforsk og prosjektet «Økobonden skal lykkes», som blir gjennomført i samarbeid mellom Norsk landbruksrådgiving, Debio og KSL Matmerk. Formålet med det siste er å sikre betre og meir samordna informasjon før innmelding i kontrollordninga og ei meir formålstenleg oppfølging av rettleiings-, kontroll- og kvalitetstiltak seinare.

Til marknadsprosjekt har SLF løyvd i alt 9,2 mill. kr til 17 ulike prosjekt. Formålet med prosjekta er å stimulere til auka omsetning. Mellom dei som har fått støtte er prosjekt i regi av Nofima Mat (tilbod overfor bedrifter om produktutvikling), Forsvarets logistikorganisasjon (økologisk mat i forsvaret), Nortura (marknadsutvikling for økologisk gris) og Oikos (økologisk mat på festivalar).

Til heilkjedeprojekt er det løyvd i alt 4,4 mill. kr til åtte ulike prosjekt. Formålet er at det gjennom avtalar skal sikrast avsetning for produsentar og føreseieleg mottak for foredlings- og omsetningsbedrifter. Nortura, Bama, Rørosmeieriet og Norges-

gruppen var blant marknadsaktørane som fekk tilskot til heilkjedeavtalar i 2009.

Til nasjonale pilotprosjekt har SLF løyvd 1,9 mill. kr til tre ulike prosjekt. Eit pilotprosjekt er eit prosjekt som skal skaffe og prøve ut ny kunnskap om økologisk produksjon og/eller forbruk, og med ein strategi for kunnskapsoverføring. I 2009 blei pilotprosjekt gjennomført i regi av Bioforsk (dyrkingsmedium til veksthuskulturar), A.L. Gartnerhallen (økologiske poteter) og Øko-Gudbrand (bygningssløysingar for økologisk mjølkeproduksjon).

### REGIONALE HANDLINGSPLANAR

I 2009 er det løyvd 7 mill. kr til fylkesmannen for oppfølging av regionale og fylkesvise handlingsplanar for økologisk landbruk. Denne ordninga har eksistert sidan 2002, og i jordbruksoppgjeret for 2009 heiter det at «Fylkenes arbeid med de fylkesvise handlingsplaner skal evalueres i 2009». SLF har bede alle fylke om å komme med innspel om dette, og fylka har eintydig gitt uttrykk for at dei regionale handlingsplanane er viktig for å støtte økologisk produksjon og forbruk i eige fylke.

### FØREGANGSFYLKE

Landbruks- og matdepartementet peikte i 2009 ut fem føregangsregionar der åtte fylke er med, og desse har ei særleg oppgåve med å bidra til økologisatsinga innanfor eit avgrensa temaområde. SLF har besøkt alle regionane med sikte på å leggje til rette innhald og opplegg for etablering tidleg i 2010. Føregangsfylka er:

- Østfold/Oslo og Akershus; føregangsregion for forbruk av økologisk mat
- Vestfold; føregangsregion for økologisk grønsakproduksjon
- Buskerud; føregangsregion for jordkunnskap/jordkultur

- Sør-Trøndelag/Nord-Trøndelag; føregangsregion for økologisk mjølk
- Hordaland/Sogn og Fjordane; føregangsregion for økologisk frukt- og bærproduksjon

### SAMARBEID OG SEKRETARIATSARBEID

SLF leder og har sekretariatsansvaret for den faglege møtearenaen for økologisk produksjon og forbruk. Møtearenaen gir råd og innspel til LMD, SLF og andre avgjerdstakarar. Arenaen er sett saman med representasjon frå styresmaktene, næringsorganisasjonar og marknadsaktørar. Det har vore halde tre møte i 2009, og sentrale tema har vore mellom anna oppfølging av strategiar og tiltak i LMDs handlingsplan og marknadssituasjonen.

SLF samarbeider med KSL Matmerk om utvikling av strategiar for generisk marknadsføring av økologisk mat. I 2009 er det gjennomført fleire kontaktmøte mellom KSL Matmerk og SLF.

### FORSKING PÅ ØKOLOGISK LANDBRUK

Over jordbruksavtalen blir det også prioritert midlar til forskning på økologisk landbruk. I tillegg blir det løyvd midlar frå Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og frå programma til Forskningsrådet. Samarbeidet mellom desse tre finansieringskjeldene har samla styrkt satsinga på forskning innanfor økologisk produksjon og forbruk.

I 2009 er det sett i gang ei evaluering av forskinga på økologisk produksjon og forbruk (Bioforsk/NILF), men endeleg rapport vil ikkje liggje føre før på nyåret 2010.

### UTFORDRINGAR FRAMOVER


- For å nå målet om 15 prosent produksjon og forbruk innan 2020 er det behov for ein årleg omlegging som er meir enn dobbelt så stor som den vi har i dag.
- Å oppnå ein produsentpris som i større grad reflekterer meirkostnadene forbundne med økologisk produksjon.
- Tydeleg marknadsføring er vanskeleg på grunn av eit avgrensa utval og små volum av økologiske varer.

## SKOGBRUK

Finanskrisa som slo inn i 2008, førte til redusert byggjeaktivitet, redusert etterspørsel etter treprodukt og lågare prisar på tømmerleveransar frå skogeigarar. Gjennomsnittsprisen på alt levert tømmer har gått ned frå 361 kr/m<sup>3</sup> i 2008 til 303 kr/m<sup>3</sup> i 2009. Prisen på tømmer til papirindustrien har gått ned med 34 kr/m<sup>3</sup>. Prisen på tømmer til bygningsmaterialar gjekk ned i første halvår, men tok seg noko opp att på hausten.

Tømmeravverkninga er redusert frå 8,2 mill. m<sup>3</sup> i 2008 til 6,8 mill. m<sup>3</sup> i 2009, det lågaste avverkningsnivået på 34 år. Investeringsaktiviteten i skog har halde seg oppe trass i redusert avverking. Bruk av skogfond til investeringar i skog ligg på ca. 280 mill. kr, omtrent det same som året før. Planting ligg på same nivå som i 2008, mens ungskogpleie har auka med seks prosent.

TØMMERAVVERKING OG PRISER 2000–2009





Skogeigarar skal avsetje ein del av tømmerinntekta til eit skogfond, som kan takast ut delvis skattefritt og brukast til investeringar på eigen eigedom, til dømes til planting av ny skog etter hogst. I samband med denne avsetninga blir alt tømmer sal registrert i ein sentral virkesdatabase, med volum og bruttovverdi fordelt på dei ulike tømmer-sortimenta. Dette gir grunnlag for å lage statistikk og utviklingstrendar. SLF forvaltar skogfondssystemet som skogstatistikken blir henta frå.

Gjennom skogfond med skattefordel har skogbruket ein kapitalreserve til investeringsformål. Dette fondet, saman med auka tilskot til skogkultur, har medverka til at investeringsaktiviteten har halde seg oppe i 2009.

Tidleg i 2009 lanserte Regjeringa tiltakspakkar overfor næringslivet for å motverke negative verknader av finanskrisen. Ekstraløyvingar til kommunar og offentlege byggjeprojekt har medverka til å halde oppe ein viss etterspørsel etter trelast og byggjematerialar. Dessutan blei det løyvd ekstra tiltaksmidlar til spesifikk skogbruksaktivitet. Av dette har SLF forvalta 30 mill. kr i driftstilskot til uttak av råstoff for bioenergi, 10 mill. kr til ekstra skogkulturaraktivitet og 15 mill. kr til utsiktsrydding langs vegar. Ordninga med tilskot til uttak av bioenergiråstoff blir ført vidare i 2010.

Det har vore ei utfordring å unngå at sviktande etterspørsel gir varige skadeverknader. Gjennom ekstraløyvingar er det skapt alternative sysselsetjingsmoglegheiter som har medverka til at driftsapparatet i skogbruket har komme seg gjennom lågkonjunkturen.

Utover dei ekstraordinære tiltaksmidlane er det ordinært løyvd 150 mill. kr til nærings- og miljøtiltak i skogbruket og til skogbruksplanlegging, av dei 10 mill. kr til særskild satsing på kystskogbruket.

SLF er nasjonal fagmyndigheit på skogområdet og får ei rad førespurnader om avklaringar rundt tilskotsordningar og forskrifter. Det er etablert faste kontaktmøte med andre etatar og organisasjonar i skogbruket. SLF har tett kontakt med skogansvarlege hos fylkesmannen, og har gjennomført fagsamlingar for desse.

Kommunane gjennomfører årleg resultatkontroll på 1000 hogstflater for å sjekke miljøomsyn ved hogst og tilstanden til forynkinga. Innhald og metodikk for denne kontrollen blei revidert av SLF i 2009, og kommunane kan no leggje inn dataa elektronisk.

#### UTFORDRINGAR FRAMOVER

- Fremje verkemiddel som bidreg til auka og berekraftig utnytting av skogressursane, og som realiserer det positive bidraget skogbruket gir til klimarekneskapan.



## ERSTATNINGSDORDNINGANE I LANDBRUKET

Søknads- og saksbehandlingssystemet for erstatningsordningane bidreg til kvalitet og effektivitet. Dei som sender inn elektronisk erstatningssøknad, bruker mindre tid på søknaden, får erstatningssakene sine avgjorde raskare, og behandlinga av erstatningssakene i kommunar og fylke blir mindre arbeidskrevjande.

### FÅ ERSTATNINGSSAKER I 2009

2009 har generelt sett vore eit år med få søknader om landbrukserstatning, for dei fleste ordningane blei totale utbetalingar under gjennomsnittet. Unntaket er erstatning etter offentlege pålegg i planteproduksjonen, der utbetalingane i år er vesentleg over eit gjennomsnittså.

### FLEIRE PÅLEGGSSAKER SOM GJELD VEKSTHUS OG PLANTESKULAR

Veksthusnæring og planteskuledrift er intensive produksjonar med stor omsetning i det enkelte føretaket. Verksemda inneber


forflytting av levande plantemateriale i stort omfang, både inn- og utlands og som import. Dei seinare åra har SLF registrert stadig fleire store saneringssaker etter funn av farlege planteskadegjerarar i veksthus og planteskular.

I 2009 fekk vi eit døme på det omfanget slike saker kan få. Skadegjeraren pærebrann blei påvist i ein større planteskule på Jæren, og førte til ei erstatningsutbetaling på 8,2 mill. kr. Dersom ein gjennom saneringstiltaka hindrar spreiring av pærebrann til andre delar av landet, vil dei sparte samfunnskostnadene likevel vere mykje større. Også i 2009 har det vore fleire søknader relaterte til sanering av søramerikansk minerfluge i veksthus. For denne skadegjeraren er det i 2009 betalt ut erstatning på 12,9 mill. kr. Totalt er det betalt ut 27,5 mill. kr i erstatning som følgje av funn av farlege planteskadegjerarar i 2009.

### ERSTATNINGSDORDNINGANE SOM BEREDSKAPSVERKEMIDDEL

I 2009 blei dyresjukdommane blåtunge og svineinfluensa påviste for første gong i Noreg. SLF har arbeidd med beredskap direkte knytt til desse utbrota og faren for utbrot av andre farlege plan-

## ERSTATNINGER I LANDBRUKET. FYLKESVISE UTBETALINGAR 2009



Erstatningsordningane i landbruket er etablert på område der det ikkje finst generelle forsikringstilbod som kan redusere foretaka sin risiko for produksjonstap. Ordningane legg også til rette for ein aktiv strategi for å motverke farlege sjukdommar og skadegjerarar i landbruket.

te- og dyresjukdommar. I samarbeid med mellom andre Mattilsynet har SLF i 2009 arbeidd med planar for å kunne handtere ulike scenario etter eit sjukdomsutbrot – for å kunne bidra til god informasjon og effektiv behandling av erstatningssaker.

### SPESIALKOMPENSASJON FOR BLÅTUNGE

Påvising av dyresjukdommen blåtunge i februar 2009 førte til at fleire mjølkeprodusentar i Aust- og Vest-Agder ikkje fekk løyve til å sende mjølkekyr på fellesbeite. Gjennom tilleggsforhandlingar til jordbruksavtalen vedtok avtalepartane ei kompensasjonsordning for 2009. SLF har administrert ordninga, med ei samla utbetaling på om lag 1,2 mill. kr.

### GODE AVLINGAR MEN VARIABEL KORNKVALITET

For erstatning etter klimarelatert avlingsvikt i planteproduksjo-

nen blei det i 2009 utbetalt om lag 12 mill. kr, noko som er under gjennomsnittet. Vekstsesongen 2009 var prega av tørke i nord og fuktig vêr i sør. Innhaustingsperioden var fuktig fleire stader i landet. Dei fleste erstatningssakene i 2009 gjeld kornproduksjon på Austlandet og i Trøndelag og grovfôrproduksjon i dei nordlegaste fylka. I både 2008 og 2009 fekk mange kornprodusentar soppskadar på kornet sitt. Dette førte til reduserte inntekter og mindre matkorn enn normalt. Økonomiske tap som følgje av redusert produktkvalitet blir ikkje dekte over avlingsviktordninga.

### GJENNOMGANG AV KLIMARELATERT ERSTATNING I 2009 OG 2010

I 2009 leverte SLF ei utgreiing av endringsbehov for avlingsvikterstatning i grøntsektoren. Partane i jordbruksforhandlingane konkluderte med at SLF måtte gjennomføre ei samla utgreiing

av både prinsipp for ordninga og berekningstekniske sider ved erstatningsutmålinga. Den nye utgreiinga skal leverast til jordbruksavtalepartane i februar 2010.

#### TILSKOT TIL NORSKPRODUSERT SÅVARE

Tilgang til såfrø som er reint og eigna for norske forhold, er viktig for norske bønder, og eit nødvendig utgangspunkt for gode, stabile avlingar. Gode sortar bidreg også til å redusere faren for overvintringsskadar og avlingstap ved uheldige klimatiske forhold. I 2009 har SLF gitt om lag 6,5 mill. kr i tilskot til frøavl, dessutan vel 4,3 mill. kr i tilskot til oppformering av setjepotet.

#### UTFORDRINGAR FRAMOVER

- Klimaendringar og auka internasjonal handel og trafikk fører med seg større risiko for store utbrot av farlege sjukdommar og produksjonstap i norsk landbruk.

## NATURSKADE

#### ERSTATNING ETTER NATURSKADAR

For tredje år på rad er det behandla færre naturskadesaker enn gjennomsnittet på om lag 1100. I 2009 er det behandla 556 erstatningssaker, inkludert 23 klager. Berre 42 av sakene har skadedato i 2009. Resten er skadar frå tidlegare år som er mottekne hos SLF i 2009. Det er løyvd ei total erstatning på 45,1 mill. kr. Skade på grunn av flaum er største skadeårsak med 19,4 mill. kr. Gjenoppretting av vegar/bruer og jordbruksareal har i 2009 ført til dei største utbetalingane, med høvesvis 14,5 og kr 11,7 mill. kr. SLF har i 2009 gjennomført overskjønn over lensmannsskjønn i 40 saker.

I 2008 sende SLF utgreiinga si av naturskadeordninga med forslag til ny naturskadelov til Landbruks- og matdepartementet. Lovfor-

slaget er sendt på høring med frist 15. januar 2010. SLF har forventingar om at ei ny lov vil føre til klare reglar, god rettleiing og raskare erstatningsoppgjjer for dei som blir ramma av naturskadar.

#### LEIRRAS I NAMSOS

13. mars i 2009 tok eit stort leirras med seg ni bustadhus og skadde endå tre hus i bustadfeltet Kattmarka nord for Namsos sentrum. Ingen liv gjekk tapt, og ingen kom heller fysisk til skade.

Etter store naturskadehendingar er det stort behov for informasjon og rettleiing om kva tap som kan dekkjast over den statlege erstatningsordninga, både hos dei direkte involverte, kommune og politiet. SLF deltok etter hendinga i Namsos på møte med kommunen og på folkemøte. Etter lovendring av 1. januar 2005 dekkjer forsikringsselskapa også naturskade på hageanlegg osv. Dei fleste skadane etter denne hendinga fell derfor utanfor erstatningsordninga til staten. SLF har sidan raset hatt kontakt med lensmannen om generelle spørsmål i samband med taksering av skadane. Ein har også hatt møte med skadeutvalet til forsikringsselskapa, for å vidareutvikle samarbeidet og rolledelinga ved store ulykker.

#### SIKRING MOT NATURSKADAR

Frå 1. januar 2010 fekk Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) det overordna ansvaret for sikring mot skred. SLF har i 2009 stødd NVE i samband med overføring av den statlege tilskotsordninga for sikring mot skred, spesielt knytt til dei uavslutta sakene som blei overførte frå SLF til NVE.

#### UTFORDRINGAR FRAMOVER

- Å bidra til at den statlege naturskadeerstatninga blir utvikla og forvalta slik at ho utgjjer ein del av beredskapen til å handtere store og små naturulykker på ein god og effektiv måte. Ein reknar med fleire naturskadar som følgje av klimaendringar.

Statens landbruksforvaltning er sekretariat for styret og ankenemnda for Statens naturskedefond. Ordninga omfattar erstatning etter naturskade og tilskot til FoU-prosjekt som skal bidra til å redusere skadeverknadene av framtidige naturulykker og auke effekten av dei ressursane som blir sette inn.



## SAMARBEIDSAVTALAR MED ANDRE

### DIREKTORATET FOR NATURFORVALTNING OG RIKSANTIKVAREN

SLF har samarbeidsavtaler og årlege direktørmøte med miljødirektorata under Miljøverndepartementet. I 2009 har det vore mykje samarbeid i samband med forvaltning av utvalde kulturlandskap i jordbruket.

### NORSK INSTITUTT FOR SKOG OG LANDSKAP

SLF har samarbeidsavtale og årlege direktørmøte med Norsk institutt for skog og landskap. Utvikling av tenester innanfor kart

og geodata står sentralt, i tillegg til samarbeid på skogområdet når det gjeld skogbruksplanlegging, skogtaksering, skogforskning og beredskapsoppgåver i skog.

### MATTILSYNET

SLF har samarbeidsavtale med Mattilsynet. Samarbeidstema har mellom anna vore avgiftsinnkrevjing, informasjons- og datautveksling, beredskap mot farlege plante- og husdyrsjukdommar og felles tilsyn og kontroll.







## Landbruksproduksjon

På resultatområdet landbruksproduksjon skal SLF bidra til å sikre matproduksjonen og ei stabil matforsyning. Arbeidsoppgåvene er knytte til utvikling og forvaltning av inntekts- og velferdsordningar, dei produksjonsregulerande verkemidla mjølkekvotar og husdyrkonsesjon, og ei rad mindre tilskotsordningar. Felles for ordningane er at det er primærprodusenten som er målgruppa. Sekretariatsoppgåvene for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, og Forskingsmidlane over jordbruksavtalen ligg også her. Det same gjeld ansvaret for ekstern kontroll.

Stadig fleire søker om produksjonstilskot, men nedgangen på 1,6 prosent frå 2008 til 2009 (basert på søknadsomgangen per 20. august) er noko mindre enn i tidlegare år. I år 2000 var det 64 774 søkjarar, mot 46 513 søkjarar i 2009.

Jordbruksareal i drift var i overkant av 10 mill. daa. Samanlikna med dei førebelse tala for 2008 blei arealet redusert med 75 000 daa (0,7 prosent) til 10,1 mill. daa. Av dette var ca. 2/3 eng og beite og 1/3 open åker, for det meste korn. Arealnedgangen var i same storleiksorden som reduksjonen frå 2007 til 2008 på 65 000 daa.

Materialet viser at interessa for økologisk landbruk er stigande. I 2009 var 120 000 daa under omlegging til økologisk drift (karensareal). Dette var ein auke frå 102 000 daa i 2008. 415 000 daa er no lagt om til økologisk drift, ein auke frå 387 000 daa i 2008. Prosentdelen jordbruksareal som er lagd om eller er under omlegging til økologisk drift er 5,3, ein auke frå 4,8 prosent i 2008. Materialet viser auke for alle økologiske planteproduksjonar, størst auke for grovfôrareal.

Utviklinga gjennom fleire år kan kort oppsummerast slik:

- Areal i drift er nokolunde stabilt.
- Husdyrtalet blir redusert, bortsett frå høns. Talet på ammekyr aukar, men ikkje så mykje som nedgangen i talet på mjølkekyr, slik at talet på kyr i alt blir redusert.
- Færre søker tilskot.
- Gjennomsnittsføretaket blir større.

Denne utviklinga held fram frå 2008 til 2009:

- Gjennomsnittsarealet per søkjar har auka med 2 daa til 217,4 daa.
- Talet på søkjarar som produserer kumjolk, er redusert med 850 til 11 700. Gjennomsnittsbetsetninga har auka med 0,7 kyr til 20,5 mjølkekyr.
- Talet på søkjarar som produserer geitemjolk, er redusert med 25 til 430. Gjennomsnittsbetsetninga har auka med to dyr til 87,8 mjølkegeiter.
- Talet på søkjarar som har sau, er redusert med 270 til 14 400. Gjennomsnittsbetsetninga har auka med 1,5 søyer og 4 lam til 57,6 søyer og 95,7 lam.
- Talet på smågrisprodusentar er redusert med 5 til 1515. Gjennomsnittsbetsetninga har auka med 1,8 purker til 38 purker. Talet på søkjarar som har slaktegris, er redusert med 150 til 2260. Talet på dyr per 31. juli 2009 er uforandra frå 2008, og gjennomsnittleg tal på slaktegris per produsent har auka med 13 dyr til 197.
- Talet på søkjarar som driv eggproduksjon, er tilnærma stabilt på 1830. Gjennomsnittleg tal på vernehøns per søkjar har auka med 115 til 2070.

Produksjonstilskot er eit samleomgrep for ei gruppe av tilskot i jordbruket basert på talet på dekar og dyr. Tilskota skal utbetalast direkte til gardbrukaren. Søknadene blir behandla av kommunen.


Pristilskot er i hovudsak basert på volum og gjeld mjølk, kjøt, grønt og ull. Pristilskot er verkemiddel med primærprodusentane som målgruppe. Utbetaling av midlane skjer i stor grad via omsetningsledd.

## PRODUSERTE MENGDER


Produksjonen i 2009 ser ut til å vise ei endring i forhold til 2008 på 0,1 % for storfeproduksjonen, 0,1 % for svin, -1,3 % for sau/lam, -2,3 % for kylling og -1,6 % for kumjølk, 2,8 % for geitemjølk og -21,9 % for korn <sup>1)</sup>.

Utviklinga for kjøtproduksjonen sidan 2000 er illustrert på figuren under, og viser at kylling peiker seg ut med ein betydeleg vekst fram til og med 2008. For 2009 har det likevel vore ein nedgang i kyllingproduksjonen. Svineproduksjonen har også auka, mens saueproduksjonen er på veg ned att etter ein periode med vekst. Tala er ekskl. momsfri retur og leigeslakt.

### PROSENTVIS ENDRING I SLAKTEMENGD 2000–2009



### SLAKTEMENGD I 2009 FORDELT PÅ DYRESLAG



Figuren over viser mengda slaktekjøt i 2009 fordelt på dyreslaga storfe, svin, sau/lam og kylling. Svine- og storfekjøtproduksjonen er enno dei største produksjonane målt i produserte mengder kjøt, sjølv om kyllingproduksjonen har auka kraftig dei siste fem åra.

Kor mykje mjølk som skal produserast, blir regulert gjennom kvoteordninga for mjølk. Før kvart kvoteår blir kvotane berekna ut frå prognosar om kor mykje mjølk det er behov for i marknaden.

I kvoteåret 1.1.–31.12.2009 var den totale geitemjølkkvoten på 22,9 mill. liter, og det blei produsert 19,9 mill. liter geitemjølk i 2009. Dette tilsvarar ei kvoteoppfylling på 86,9 prosent.

<sup>1)</sup> Tala for mjølk er baserte på leveransedatabasen for mjølk. For kjøtproduksjon er tala for januar–oktober henta frå leveransedatabasen for kjøt, mens tala for november og desember er henta frå prognoseutvalet. Prognosen er gjord i januar 2009. Tala for produserte mengder korn er mellombelse tal per januar 2010.



I kvoteåret 1.3.2009–28.2.2010 var den totale kumjølkkvoten på 1598 mill. liter. Kvoteåret for ku er enno ikkje avslutta, og mengda kumjolk produsert i kvoteåret er derfor ikkje klar enno.

## TILSKOTSFORVALTNING

I 2009 har det vore arbeidd vidare med utvikling av løysingar som sikrar gode rutinar for søknad, kontroll og utbetaling av tilskot. Dette skal sikre at rett beløp blir utbetalt til rett tid. Dei samla tilskota for dei drygt 46 000 føretaka var i 2009 på 9,9 mrd. kr, der produksjonstilskot utgjorde om lag 6,8 mrd., pristilskot 1,5 og velferd og kompetanse 1,6 mrd. kr. I 2009 er det gjort ein del endringar i materiellet og rettleiinga som blir send til aktuelle søkjarar for produksjonstilskot og avløysartilskot til ferie og fritid. Materiellet er forkorta og forenkla. Vidare er omtalen av produksjonstilskot og avløysartilskot til ferie og fritid SLFs nettstad betydeleg forbetra i 2009. Brukarane si nytte og tilfredsheit med rettleiinga blei målt både før og etter desse endringane, og målingane viste stor framgang både i bruk og tilfredsheit.

Ansvar for koordinering av innspel til jordbruksoppgjæret ligg til dette området. Rapport skal leverast innan 15. februar kvart år.

Viktige mål er å bidra til verdiskaping i næringslivet og å utvikle regelverket vidare slik at det blir lettare å rette seg etter for føretaka, og slik at det styrkjer grunnlaget for ei effektiv og ein-skapleg forvaltning.

### NY PRISTILSKOTSFORSKRIFT

1. januar 2009 tredde nye forskrifter i kraft; om pristilskot og om formidling av pristilskot i landbrukssektoren. Forskriftene inneber få realitetsendringar frå tidlegare praksis, men samlar alle pristilskota og er derfor meir generelle samanlikna med tidlegare forskrifter på områda. Det er derfor utarbeidd eigne rundskriv for områda kjøt, mjølk, ull, korn og egg som no ligg på SLFs nettstad. Rundskriva gjeld mellom anna forhold som stod beskrivne i dei gamle forskriftene, men som ikkje blei tekne med i dei to nye forskriftene.

### BETRE AREALKONTROLL

Saman med Norsk institutt for skog og landskap arbeider SLF med å etablere eit oppdatert digitalt kartverk for alt jordbruksareal. I 2012, etter ti års arbeid, vil alle kommunane etter planen ha eit kvalitetssikra førstegenerasjons digitalt kartverk som kontrollgrunnlag for dei om lag 3 mrd. kr som årleg blir utbetalte i arealtilskot.



#### **DIGITALISERING AV SONEGRENSER FOR DISTRIKTSTILSKOT TIL MJØLK OG KJØT**

I 2009 blei arbeidet med digitalisering av sonegrensene for distriktstilskot kjøt og mjølk avslutta. Sonegrensene for alle kommunar med to eller fleire soner har blitt digitaliserte. Resultatet av arbeidet er ei nettløysing tilgjengeleg på SLFs nettstad som synleggjer dei digitaliserte grensene. Landbruksforvaltninga og næringsutøvarane har med dette tilgang til eit verktøy som enkelt viser kva for ei sone ein landbrukseigedom høyrer heime i.

#### **NY LEVERANSEDATABASE KJØT OG ULL**

I 2009 blei Leveranseregisteret for slakt erstatta med nytt dataverktøy for rapportering av slakt og ull og livdyr. Det nye systemet er ei teknisk modernisering, men sjølve saksbehandlinga er ikkje endra. Ny løysing gir spesielt betre tilgjengelegheit til data samla inn i systemet.

#### **VELFERDSORDNINGANE**

Velferdsordningane i landbruket er politisk prioriterte gjennom Soria Moria-fråsegna. Frå 2008 blei det innført ny landbruksvikarordning. Avløysarlaga har teke over ansvaret for landbruksvikarverksemda, og tilskotet per årsverk landbruksvikarstilling har auka betydeleg. 2008 var eit overgangsåar med både den kommunale og den nye landbruksvikarordninga, mens det i 2009 berre har vore landbruksvikarverksemd i avløysarlaga. Avløysarlaga i dei fleste fylka har komme langt med å tilsetje landbruksvikarar, og det har vore ca. 220 årsverk med landbruksvikarar i 2009. Målet er ca. 240 årsverk. Den nye ordninga dekkjer 398 kommunar ved utgangen av 2009.

#### **VETERINÆRE REISER**

Statens landbruksforvaltning yter reisetilskot til veterinærar ved sjuke- og inseminasjonsbesøk. I 2009 blei det utbetalt 41,6 mill. kr.

Avløysarordningane, tidlegpensjon for jordbrukarar og Etter- og vidareutdanningsfondet i landbruket (EVL) er tilskotsordningar for å fremje velferd, rekruttering og kompetanseutvikling i jordbruket

Produksjonsregulering inneber iverksetjing og oppfølging av juridiske tiltak for kvantumstilpassing i primærproduksjonen. SLF har ansvar for kvoteordninga for mjølk og husdyrkonsesjonsordningane. SLF er også sekretariat for klagenemnda for kvoteordninga for mjølk.

Det er 5,2 mill. kr meir enn i 2008, og auken i utbetalinga er i stor grad ei følgje av auken i satsar.

## PRODUKSJONSREGULERING

SLF er førsteinstans i saker knytte til kvoteordninga for mjølk. I 2009 fatta SLF ca. 800 enkeltvedtak knytte til kvoteordninga for mjølk (omsetning og leige av kvotar er halde utanom). Av desse var om lag 80 prosent knytte til samdrifter. Ved utgangen av året er det om lag 1845 samdrifter, ein nedgang på 230 frå året før.

På husdyrkonsesjonsområdet er det få saker til behandling i SLF. SLFs hovudoppgåve er å bidra til kompetanseheving og klargjering av regelverket i ytre forvaltning slik at ho er rusta til å møte ei rad krevjande problemstillingar.

### OMSETNING OG LEIGE AV KVOTE

Det var 303 kumjølkprodusentar og seks geitemjølkprodusentar som selde mjølkekvote i 2009. Desse selde totalt 25,9 mill. liter kumjølkkvote og 207 786 liter geitemjølkkvote. Interessa for å kjøpe mjølkekvote frå staten til konvensjonell mjølkeproduksjon held seg stabil. Totalt blei det godkjent 5371 kjøp av kumjølkkvote og 131 kjøp av geitemjølkkvote. Produsentane fekk tilbod om å kjøpe totalt 15,2 mill. liter kumjølk og 157 040 liter geitemjølk. Det blei gjennomført to rundar med kvoteleige for kumjølk der det blei leigd ut høvesvis 566 og 406 kumjølkkvotar tilsvarande ei mjølkemengd på høvesvis 39,6 og 29 mill. liter. Vidare blei det leigd ut 23 geitemjølkkvotar tilsvarande ei mjølkemengd på 809 581 liter.

SLF lanserte ei nettløysing for kjøp og leige av kvote hausten 2008. Ved å logge seg inn i systemet via altinn.no får brukarane høve til mellom anna å sjå detaljar om kvoten, og å melde inn kjøp av kvote frå staten og utleige elektronisk. 45 prosent av kjøparane melde inn kjøpet sitt elektronisk i 2009. Vidare blei 12 prosent av alle meldingar om utleige av kumjølkkvote og sju prosent av alle meldingar om utleige av geitemjølkkvotar melde inn elektronisk. Løysinga gir sikker og effektiv innlevering av søknader, samtidig som ho gir mjølkeprodusentane og forvaltninga god oversikt over innsende søknader.

### KLAGENEMNDA FOR KVOTEORDNINGA FOR MJØLK

Statens landbruksforvaltning har sekretariatsfunksjonen for Klagenemnda for kvoteordninga for mjølk.

Klagenemnda for kvoteordninga for mjølk er klageinstans for saker som gjeld forskrift om kvoteordninga for mjølk, dessutan forskrift om fritak frå overproduksjonsavgift ved lokal foredling av mjølk. I 2009 behandla klagenemnda 48 saker. Seks av desse blei tekne til følgje, mens dei andre blei avslegne. Fleirtalet av sakene dreier seg om dispensasjon frå kravet om samanhengande leveranse før etablering av samdrift og kvoteleige.

### LOKAL FOREDLING AV MJØLK

SLF kan gi fritak frå overproduksjonsavgift for produksjon av mjølk til lokal foredling. Formålet med ordninga er å stimulere til auka verdiskaping i mjølkeproduksjonen gjennom å utnytte potensialet i marknaden for mjølk som blir foredla lokalt.

Ved utgangen av 2009 hadde 140 landbrukseigedommar og samdriftsføretak fritak frå overproduksjonsavgifta. Det er ikkje alle som har fått fritak, som har gått i gang med produksjon og omsetning av lokalt foredla mjølk.

I tillegg til produsentar med fritak frå overproduksjonsavgift finst det lokalforedlarar som produserer mjølk innanfor eksisterande mjølkekvote. I samsvar med gjeldande regelverk skal all mjølkeproduksjon som blir foredla og omsett lokalt, rapporteres til SLF innanfor gitte fristar. SLF får inn rapportar om mjølkeproduksjon til lokal foredling frå om lag 80 produsentar.

### HUSDYRKONSESJON

Lov om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen har som formål å leggje til rette for spreiding av denne produksjonen ved å setje maksimalgrenser for einingane. Det er berre 221 føretak som har konsesjon for å drive over konsesjonsgrensene. Av desse har 94 konsesjon for svineproduksjon, 118 for fjørfe og 9 for kombinert produksjon.

SLF er klageinstans for saker knytte til regelverk om husdyrkonsesjon. Det har vore ein svak nedgang i talet på klagesaker frå 14 i 2004 til 12 i 2009. I 2009 har det også vore ei sak der SLF på



eige initiativ har gjort om vedtaket til fylkesmannen. Klagesakene har i hovudsak vore avslag på søknad om konsesjon ut over den konsesjonsfrie grensa for svine- eller fjørfeproduksjon, eller klage på vedtak om standardisert erstatning.

#### KOMPETANSE

Vi viser til St.prp. nr. 75 (2008–2009) *Om jordbruksoppgjøret 2009 – endringer i statsbudsjett for 2009 m.m.* EVL-fondet er avvikla, og ansvaret for rekruttering og kompetanseheving i landbruket blir overført til fylkeskommunen i 2010.

## FORSKING

Styra for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt (FFL) og for Forskingsmidlar over jordbruksavtalen (JA) er samordna for å sikre ei einsarta og effektiv forvaltning av dei samla forskingsmidlane i landbrukssektoren. Det er etablert eit tett samarbeid med Noregs forskingsråd (NFR).

Frå 2004 har FFL og JA hatt felles utlysingar av forskingsmidlar med program i NFR. I 2008 og 2009 var det ein kombinasjon av fellesutlysing med program i NFR og separatutlysing av eigne midlar innanfor mat- og miljøområdet. I 2009 var det for første gong krav om levering av obligatorisk skisse til FFL/JAs

separatutlysing innanfor mat/miljø. Styret vurderte 62 skisser til prosjekt; 24 søkjarar fekk høve til å sende inn fullstendig søknad.

Samarbeidet med NFR skal gjere det enklare å sjå den totale bruken av midlar i samanheng, dessutan å forenkle og effektivisere administrasjonen av dei. Samarbeidet fungerer godt. I 2009 har FFL samla utbetalt om lag 141 mill. kr til forskning. FFL har også delansvar for å sikre finansieringa av Nofima (tidl. Matforsk). I 2009 utgjorde denne løyvinga 62 mill. kr. Styret for JA har løyvd om lag 39 mill. kr til forskingsprosjekt i 2009.

Årlege utbetalte midlar til forskning frå FFL har auka betydeleg dei siste åra. Auken i utbetalte midlar frå 2008 til 2009 er på om lag 13 prosent. Utbetalte midlar har i 2009 vore større enn inntektene. Denne bruken av fondsmidlar er ein bevisst strategi for å byggje ned fondskapitalen og for å få midlane over i aktiv forskning. Bruken av årleg løyvd prosjektmidlar over jordbruksavtalen har auka med om lag sju prosent frå 2008 til 2009.

#### «INN PÅ TUNET»-TENESTER – EIT PRIORITERT FORSKINGSOMRÅDE

Med bakgrunn i handlingsplan for «Inn på tunet» (LMD 2007) blei det i 2008 løyvd midlar til ein kunnskapsstatus og ei kartlegging av forskingsbehov innanfor «Inn på tunet»-tenester. Arbeidet blei finansiert av Innovasjon Noreg, Noregs forskingsråd, Nav og JA. Rapporten danna grunnlaget for Natur og næring og JAs fellesut-

lysing av forskingsprosjekt i 2009, der mellom anna to forskingsprosjekt knytte til «Inn på tunet» blei innvilga hausten 2009.

I St.prp. nr. 75 (2008–2009) *Om jordbruksoppgjøret 2009 – endringer i statsbudsjettet for 2009 m.m.* blei det bedt om å setje i gang ei utgreiing av dei nordiske gjødselmarknadene og korleis desse fungerer på bakgrunn av dei store svingingane i mineralgjødselprisane dei siste åra. Utgreiinga blei sett i gang hausten 2009 med finansiering frå midlar frå JA.

#### **HEILKJEDEPROSJEKT INNANFOR OPTIMAL MJØLKEPRODUKSJON OG MYKOTOKSIN PÅ KORN**

I utlysinga av forskingsmidlane etterlyste styra større bransje-prosjekt. Ettersom det blei liten respons på dette, valde styra å invitere relevante institusjonar til å gå saman om å lage heilkjedeprojekt innanfor to utvalde tema: eitt knytt til optimal mjølkeproduksjon og eitt knytt til mykotoksin i korn. Av dei 24 søkjarane med skisser som blei inviterte til å sende inn fullstendig søknad, kom det inn 18 fullstendige søknader, av dei dei to nemnde heilkjedeprojekta.

Prosjektet *Mykotoksiner i norsk mat og fôr – modellering, dyrkingstiltak og risikovurdering i et matkjedeferspektiv* er eit større forskingsprosjekt med ei kostnadsramme frå styra for FFL/JA på 16,4 mill. kr over fire år. Bioforsk er prosjektleiar, i samarbeid med Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB), Noregs veterinærhøgskole (NVH), Veterinærinstituttet (VI) i tillegg til ei rad andre samarbeidsaktørar. Hovudmålet for prosjektet er redusert risiko for mykotoksin i norsk mat og fôr, og evaluering av potensiell helserisiko av mykotoksin hos menneske og dyr.

Prosjektet *Effekter av kalv og ungdvyr tilvekst og utvikling på senere ytelse, helse og lønnsomhet i melkeproduksjonen* blei også innvilga hausten 2009, med ei kostnadsramme frå styra for FFL/JA på 20 mill. kr over fem år. Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) er prosjektleiar, i samarbeid med mellom anna Noregs veterinærhøgskole (NVH), Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF), TINE BA, Felleskjøpet Førutvikling og Animalia. Hovudmålet med prosjektet er å utvikle ein økonomisk og ernæringsmessig optimal fôringsstrategi for kvigeoppdrettet i norsk mjølkeproduksjon. Begge projekta blir sette i gang i 2010.

Oversikt over nye og pågåande forskingsprosjekt finst i årsmeldingane for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og Forskingsmidlane over jordbruksavtalen, sjå SLFs nettstad.

## **SAMARBEID MED ANDRE**

Løysing av oppgåvene skjer i eit omfattande samarbeid med ei rad offentlege og private aktørar med fylkesmenn og kommunar som dei viktigaste.

SLF har også formalisert samarbeidet med enkelte institusjonar gjennom samarbeidsavtalar. Avdeling landbruksproduksjon har koordineringsansvaret for avtalane med Innovasjon Noreg (IN), Statistisk sentralbyrå (SSB) og Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF).

Det mest omfattande samarbeidet er knytt til NILF, der alle avdelingar i SLF har betydeleg rapportering av data og informasjon som NILF bruker i arbeidet sitt for Budsjettnemnda.

## **UTFORDRINGAR FRAMOVER**

- Føretaka etablerer i aukande grad nye organisasjons- og samarbeidsformer. Dette inneber ei utfordring i form av å kunne handheve tilskotsregelverket og regelverket for husdyrkonseksjon. SLF vil fokusere meir på dette i tida framover og vurdere tiltak for å hindre ei uønskt tilskotstilpassing. Ein effektiv og kvalitativt god kontroll er viktig for næringslivet, for tilliten til forvaltninga og legitimiteten til landbrukspolitikken.
- Regelverket SLF forvaltar overfor landbruksføretaka, er mangfaldig og til dels komplekst. Det blir oppfatta som krevjande både for dei næringsdrivande og for forvaltninga, særleg for kommunalforvaltninga. Det er ei utfordring for SLF å bidra til å gjere regelverket meir oversiktleg, lettare å innrette seg etter for føretaka og enklare å forvalte på ein effektiv og god måte.
- Dei juridiske og økonomiske verkemidla må kontinuerleg utviklast vidare om ein skal nå dei måla som er sette for landbrukspolitikken. Samtidig er det ei utfordring med dei hyppige endringane i regelverket som følgjer av dei årlege jordbruksforhandlingane.







## Handel og industri

På resultatområdet handel og industri skal SLF bidra til å sikre ein godt fungerande næringsmiddelindustri og ein stabil marknad som gir avsetning for norske jordbruksråvarer til stabile prisar. Viktige ansvarsområde er importvernet av landbruksvarer, sekretariatsfunksjonen for Omsetningsrådet, ordningar retta mot næringsmiddelindustrien, marknadsovervaking og innhenting av prisar på norske og utanlandske landbruksvarer. Næringsmiddelindustri, importørar og eksportørar er viktige målgrupper for desse ordningane.

### UTVIKLINGA I DEN INTERNASJONALE MATVAREMARKNADEN

Frå juni 2008 fall prisene på dei fleste jordbruksråvarene kraftig grunna gode avlingar og dei globale økonomiske problema. I 2009 kom dei likevel tilbake på om lag 2007-nivået.

Internasjonalt var kornmarknadene prega av overskot og låge prisar. Store avlingar og finanskrisa prega marknaden, og prisane fall gjennom heile året. 2008/2009-sesongen hadde rekordstore kornavlingar. Dermed blei kornlagra fylte, til dei igjen var på nivå med det ein hadde i byrjinga av 2000-åra. I inneverande sesong (2009–2010) er det også produsert store avlingar, men ikkje så store som i førre sesong.

Meierisektoren opplevde prisfall og etterspørselssvikt i 2009. Både i EU og USA blei det teke i bruk ulike støttetiltak for å avhjelpe situasjonen. EU løyvde også 300 mill. euro til mjølkébøndene for å lette likviditetsproblema i den kriseramma mjølkesektoren. Den økonomiske krisa påverka også kjøtsektoren, då forbrukarane i større grad ville ha billigare kjøtslag og –produkt. Den einaste jordbruksråvara som utmerkte seg i motsett retning var sukker, der prisane var rekordhøge. Det var likevel store variasjonar i prisutviklinga for dei enkelte jordbruksråvarene og i ulike marknader. Det generelle inntrykket er at prisane fall, men enda på eit nivå som var høgare enn før den kraftige prisoppgangen på jordbruksråvarer i 2007.

### DEN NORSKE MATVAREMARKNADEN

Produksjonen av landbruksvarer i norsk jordbruk og næringsmiddelindustri har aldri vore så høg som no. Produksjonsauken har dei siste åra vore spesielt stor innanfor fjørfe og svin. Den norske matvaremarknaden er til dels skjerma for store internasjonale prisendringar på grunn av importvernet, marknadsordningane og målprisane. I motsetning til i den internasjonale marknaden opplevde norske landbruksprodusentar ein prisoppgang på dei fleste varene. Både høgkonjunktoren og matkrisa i 2008 bidrog til auke i produksjonskostnadene i den norske matsektoren, og dette påverka også matprisane. Det same gjorde høgare målprisar.

2009 var prega av små kornavlingar som førte til eit stort importbehov for å dekkje forbruket av kornråvarer i Noreg. Også grøntmarknaden var prega av små avlingar med varierende kvalitet. Dette hadde for både korn og grønt årsak i ugunstige vêrforhold på sommaren og hausten. Meierisektoren opplevde ein rimeleg balansert marknad i 2009, med ein noko mindre produksjon enn det som var forventet. Den norske storfekjøtmarknaden var prega av store endringar, der eit mangeårig underskot blei snudd til overskot. Marknadssituasjonen for svin og lam var stabil gjennom heile året.

Når det gjeld forbruk og produksjon av egg, har dette vore stabilt over lengre tid. I 2009 var det likevel ein noko større produksjon enn marknaden tok unna. For fjørfe har marknaden gjennom fleire år vore prega av ein sterk auke både i forbruket og produksjonen. Dette heldt fram i 2009, med ein noko høgare produksjon enn forbruket skulle tilseie.

## MATINDUSTRIEN OG KONKURRANSEFORHOLDA

Norsk matindustri er den nest største industribransjen, med 19 prosent av samla produksjonsverdi og 18,4 prosent av industri-sysselsetjinga. Store delar av matindustrien er baserte på norske råvarer, og storparten av produkta blir omsette i den norske forbrukarmarknaden. Med aukande internasjonal konkurranse på heimemarknaden er det viktig med gode rammevilkår.

Ein trend i den norske matmarknaden er interessa frå daglegvarekjedene for vertikal integrasjon, eller eigarskap på produksjonssida. I løpet av året kjøpte enkelte daglegvarekjeder opp mottaks- og bearbeidingsledd i verdikjeda. Bruken av eigne merkevarer (emv) i daglegvaremarknaden auka også i Noreg.

## IMPORTUTVIKLINGA


Tollvernet skal bidra til å gi avsetningsmoglegheiter for norsk-produserte varer til prisar som er føresette i jordbruksavtalen. Samtidig skal det sikre nødvendig import til forbrukarar og næringsmiddelindustri.

Fallet i verdsmarknadsprisane på enkelte jordbruksvarer i 2009 gav, saman med aukande norske målprisar, utfordringar for norsk næringsmiddelindustri i forhold til konkurransen frå importvarer. Grøntmarknaden blei pressa av billeg import, og for enkelte produkt blei prisen på den importerte vara prisførande for den norske.

## VIKTIGSTE HANDELSPARTNERE

Opprinnelsesland	IMPORT		Bestemmelsesland	EKSPORT	
	Importverdi, mill. NOK	Endring fra 2008		Eksportverdi, mill. NOK	Endring fra 2008
	2009			2009	
Danmark	3687	-54	Sverige	1203	-236
Sverige	3183	0	Danmark	631	-11
Nederland	2879	-140	USA	510	-1
Tyskland	2516	-93	Tyskland	305	16
Brasil	2481	-1	Finland	255	65
Spania	2116	149	Storbritannia	206	-39
Frankrike	2101	-166	Australia	108	18
Italia	1788	40	Nederland	104	44
Storbritannia	1322	-6	Irland	86	47
Belgia	1054	48	Canada	62	-13
Sum øvrige land	10697	393	Sum øvrige land	559	-164

## IMPORT OG EKSPORT, TOTAL UTVIKLING



I 2009 blei det importert landbruksvarer til Noreg til ein verdi av 34 mrd. kr. I forhold til 2008 auka importverdien med 0,5 prosent, mens kvantumet blei redusert med nesten sju prosent.

Det blei importert RÅK-varer til menneskemat til ein verdi av ca. 7,4 mrd. kr. Dette er ein reduksjon på 2,5 prosent i kvantum, mens det var ein auke på 4,9 prosent i verdi samanlikna med 2008. Over halvparten av RÅK-importen kjem frå Sverige, Danmark og Tyskland. Brød, kaker og anna bakverk er den største varegruppa, med ein importverdi på over 1,8 mrd. kr. Andre RÅK-varer med høg import er sukkervarer, sjokolade og sausar. Omfanget av grensehandelen er usikkert, men Statistisk sentralbyrå reknar med at nordmenn totalt handlar for rundt 9 mrd. kr



i utlandet årleg. Dette anslaget omfattar all handel. Etter ein nedgang i 2008 var det igjen ein auke i grensehandelen i 2009. Anslag som seier noko om omfanget av matvarer frå grensehandelen, finst ikkje, men det er grunn til å tru at det utgjør ein betydeleg del av den totale verdien.

#### IMPORT FRÅ UTVIKLINGSLAND

GSP-ordninga (Generalized System of Preferences – GSP) sikrar at mindre utvikla land kan eksportere landbruksvarer til Noreg med låg eller ingen toll. 64 av dei fattigaste landa er omfatta av ordninga med nulltoll. I 2009 blei det totalt importert 1,1 mrd. tonn til ein verdi av 6,8 mrd. kr til Noreg frå land innanfor GSP-ordninga. Importen frå land som er omfatta av GSP-ordninga, utgjør totalt ca. 20 prosent av den totale importen av landbruksvarer. Dei fattigaste landa har ca. 1 prosent av denne importen.


Etter at talet på land som kjem inn under ordninga blei utvida i 2008, har ein sett tilløp til at import under GSP-ordninga er vridt over til land som er mindre fattige. Til dømes blei blomsterimporten frå Etiopia betydeleg redusert til fordel for blomar frå det mindre fattige Kenya.

## NORSK JORDBRUKSPRODUKSJON

#### UTFORDRINGAR FOR NORSK KORNPRODUKSJON

Gunstige forhold våren 2009 bar bod om gode kornavlingar. Men ein våt sommar og haust gav avlingar som var langt under det som var forventa. Dei ugunstige vekstforholda, spesielt på Austlandet, førte til reduserte avlingar og dårleg kvalitet på kornet. I Trøndelag var vekst- og innhaustingsforholda gunstige, og dette resulterte i relativt store avlingar med bra kvalitet.

#### INNKJØPT KORN



Tala for 2009/2010 er frå Norske Felleskjøps prognose i november 2009.

Med små kornavlingar på Austlandet blei prognosen for innkjøpt korn til møllene for avtaleåret 2009/2010 sett til 946 500 tonn, som er det minste kvantumet sidan 1994. Kvalitetsreduksjonane førte til at berre ca. 89 000 tonn, tilsvarande 35 til 40 prosent, av kveiten heldt matkvalitet. Førkornet hadde også dårleg kvalitet. Spesielt gjaldt dette for havre, der innhaldet av mykotoksin gav spesielle utfordringar for kraftfôrindustrien.

Liten tilgang på både mat- og førkorn av norsk produksjon resulterte i betydeleg høgare importkvotar enn normalt.

Mengda av mykotoksin (soppgifter) har vore aukande i norsk korn dei seinare åra. Etter 2009-avlingane ligg det an til at før-

havre med relativt høgt innhald av mykotoksin kan bli overlagra til neste kornsesong for å bli blanda i importert korn. Det er sett klare grenser for kor mykje mykotoksin det kan vere i matkorn, mens det for førkorn er gitt tilrådde grenseverdier.

Auken av mykotoksin i norsk korn skaper utfordringar for korn- og kraftfôrbransjen. Kraftfôrprodusentane ønskjer naturleg nok å nytte korn som er minst mogleg soppinfisert. For SLF er det ei utfordring å finne riktig nivå på importkvotane for å kunne sikre nødvendig import av korn til ein forsvarleg kraftfôrproduksjon. Kunnskapen om mykotoksin må aukast, og rammevilkår og veremiddel må tilpassast utfordringane det fører med seg.

### KJØTMARKNADEN

I 2009 kom det store endringar på den norske kjøt- og eggmarknaden. Mens kyllingproduksjonen nærma seg balanse, gjekk utviklinga i motsett retning, mot overproduksjon, på egg og storfe. Dei siste åra har vore prega av ei betydeleg underdekning av storfekjøt. I løpet av året snudde dette, og ved inngangen til 2010 var underskotet snudd til overskot.

Svinenæringa opplevde i fjor eit stabilt år samanlikna med året før. Både den samla norske produksjonen av gris og engrossalet av svinekjøt enda på same nivå som året før. For sau og lam gjekk produksjonen noko ned samanlikna med 2008, sjølv om talet på slakta lam var på nokolunde same nivå. Salet viste ein betydeleg nedgang samanlikna med 2008.

### GRØNT

Det gode avlingsåret 2008 gav seg utslag i store grønsaklager utover vinteren og våren 2009. Godt sal bidrog til at det gjekk bra å få omsett dei fleste varene.


2009 var prega av vanskelege innhaustingsforhold over store delar av Sør-Noreg, noko som gav seg utslag i mindre varer på lager. På slutten av året kom det meldingar om at det var for lite poteter til at industrien kunne dekkjast med norsk vare.

### MJØLK

Det var god balanse i mjølkemarknaden i 2009 samtidig som marknadsregulatoren har trappa ned reguleringseksperten av ost. Derimot førte mellom anna auken i produksjon av ost for den innanlandske marknaden til overskot på mjølkefeitt (fløte), som i stor grad har vore reguleringsekspertert som smør. Liten reguleringsekspert av ost og aukande reguleringsekspert av smør er ein situasjon som har utvikla seg dei tre siste åra.

Reguleringstiltaka i mjølkesektoren har variert i omfang gjennom åra. Dersom ein ser alle tiltaka under eitt, har det vore ein reduksjon i omfanget av reguleringstiltak dei siste tre åra sa-

### PRIS SKUMMAMJØLKPULVER



■ Australia/New Zealand ■ Tyskland  
 ■ Nederland ■ Norge ■ USA

manlikna med tidlegare. Når det gjeld faglege tiltak og opplysningsverksemd, har det vore brukt meir midlar til desse tiltaka sjølv om omfanget no har stabilisert seg.

Omsetningsavgifta har variert mellom 9 og 10 øre per liter mjølk i 2008 og 2009, men gjennomsnittet har vore stabilt.

### PRISUTJAMNINGSORDNINGA FOR MJØLK

Formålet med prisutjamningsordninga for mjølk (PU-ordninga) er å regulere prisdifferensieringa av mjølk som råvare til ulike bruksområde. Samtidig er det eit mål å gjere det mogleg for mjølkeprodusentar å realisere målprisane på mjølk i jordbruksavtalen uavhengig av bruken av mjølka og lokaliseringa av produksjonen. Eit viktig omsyn er dessutan å sikre like konkurransevilkår for aktørane som er med i ordninga.

Aktørane i prisutjamningsordninga er meieriselskap, det vil seie selskap som kjøper ubehandla mjølk til vidareforedling eller til produksjon av mjølkeprodukt. I 2009 var desse aktørane med i prisutjamningsordninga: Tine, Synnøve Finden, Normilk, Q-meieriene, Rørosmeieriet, Kraft Foods og Lillehammer Ysteri.

### TILSKOT OG AVGIFTER I PRISUTJAMNINGSORDNINGA

SLF fastset avgifter og tilskot (satsar) for dei ulike bruksområda til mjølka. Prisutjamningsordninga er ei sjølvfinansierende ordning, noko som inneber at summen avgifter som blir kravd inn, skal balanserast opp mot summen tilskot som blir betalt ut. I den ordinære satsfastsetjinga 1. juli 2009 blei fleire av satsane endra som følgje av at volumprognosane gav ein forbetra mjølkebruk på 5,2 øre/liter. Dette førte generelt til lågare avgifter og høgare tilskot.

Tine BA og Kraft Foods var i 2009 netto avgiftsytarar til ordninga, mens Normilk, Synnøve Finden, Q-meieriene, Lillehammer

Ysteri og Rørosmeieriet var netto tilskotsmottakarar. Avgifts- og tilskotsbeløpa omfattar hovudprodukta (drikkemjolk, ost og tørrmjolk), biproduktbruk (som fløyte og myse), fraktordningar og særtilskot for uavhengige aktørar.

Den totale omsetninga i prisutjammingsordninga for mjolk i 2009 var i underkant av 1,6 mrd. kr. Omsetninga i perioden 2003 til 2005 låg på vel 1,5 mrd. kr, mens ho steig til over 1,6 mrd. kr i 2006. I 2007 var omsetninga godt over 1,7 mrd. kr, mens ho i 2008 fall til 1,6 mrd. kr att. Grunnen til reduksjonen frå 2008 til 2009 var litt lågare avgiftssatsar i hovudmjolkbruken i 2009 enn i 2008, dessutan noko lågare mjolkemengd.

TOTAL OMSETNING PU 2004–2009	
Periode	Omsetning <sup>1)</sup>
2004	1 529
2005	1 526
2006	1 619
2007	1 744
2008	1 613
2009	1 569

<sup>1)</sup> i millionar kr

#### VILKÅRA FOR KONKURRANSE I MEIERISEKTOREN

Frå 1. juli 2007 blei rammevilkåra for konkurransen i meierisektoren endra. Tabellen viser særtilskot som blei gitt i 2009:


SÆRTILSKOT TIL UAVHENGIGE MEIERISELSKAP I 2009	
Generell korreksjon	kr 50 646 042
Mellombels korreksjon	kr 23 544 414
Ekstra distribusjonstilskot	kr 34 315 549
Særskilt kapitaltilskot	kr 19 186 302
Sum	kr 127 692 307

For å sikre like konkurransevilkår for aktørane blei minstegrensa for myseavgift for mysost fjerna 1. juli. Tidlegare betalte ein ikkje myseavgift for mysostprodukt med mindre enn tre liter myse per kilo mysost.

#### AVTALE MELLOM TINE BA OG STATENS LANDBRUKSFORVALTNING

Frå 2004 blei marknadsordninga for mjolk endra for å leggje til rette for auka konkurranse og like vilkår i mjolkemarknaden. Det blei også etablert eit administrativt og rekneskapsmessig skilje mellom Tine Råvare og Tine Industri. Slik blir alle aktørar stilte overfor same råvarepris for mjolk til foredling. Elles er det Konkurransetilsynet som kontrollerer Tine som marknadsaktør.

#### DEL EIGENPRODUKSJON



#### UTFORDRINGAR FRAMOVER

Forvaltningsmessig er det behov for å vidareutvikle statistikk-løysingar for prisutjammingsordninga for mjolk og å utvikle ei elektronisk forvaltningsløysing for kommunikasjonen med meieriselskapa. Det er også viktig å halde ved like inntektsnivået og prisdifferensieringa i PU-ordninga, trass i endringar i marknaden og press på importvernet. SLF vil derfor fokusere på å vere oppdatert om konkurranseforholda i marknaden for meierivarer, også med omsyn til importutviklinga.

#### PRISSYSTEMA

I Noreg er det etablert eit system med målprisar for mjolk og mjolkprodukt, for svinekjøtt, egg, korn, pærer, plommer, poteter og 13 grønnsakslag. Målprisen skal vere prisar jordbruket reelt skal oppnå ut frå balanserte marknadsforhold, det fastsette importvernet og dei marknadsreguleringsmoglegheitene som er til disposisjon. Marknadsregulatoren skal løpende rapportere oppnådd pris på noteringspunktet til SLF.

For å overhalde forpliktingane i WTO-avtalen om redusert bruk av internstøtte er det i dei seinare åra gjort store endringar i målprissystemet. Målpris og marknadsreguleringsmoglegheitene for kylling blei avvikla i 2007. I dag blir det årleg fastsett ein referansepris som grunnlag for administrering av tollsatsar. Frå og med 1. januar 2009 blei målpris- og marknadsreguleringsstiltak for sau, purke og rånekjøtt avvikla.

Frå og med 1. juli 2009 blei det gjort endringar i marknadsordninga for storfekjøtt. Målprisen blei avvikla og erstatta av ein volummodell. Avtalepartane fastset øvre prisgrense oppgitt i

prosent, mens Nortura fastset planlagd gjennomsnittleg engrospris for kvart halvår.

Sidan 2000 har målprisane auka jamt, med ein topp i 2008, då dei auka med heile 1505 mill. kr. I 2009 blei målprisane auka med 209 mill. kr. Den internasjonale råvareprisauken som varte fram til midten av 2008, styrkte jordbruket og konkurranseevna til næringsmiddelindustrien samanlikna med importen.

Internasjonalt har prisane på dei fleste jordbruksråvarene gått ned, og dei nærmar seg 2007-nivå, mens prisane på sentrale norske jordbruksråvarer har auka i dei seinare åra. Dette fører med seg at konkurranseevna igjen er svekt.

## OMSETNINGSRÅDET

Marknadsreguleringa har som formål å sikre alle produsentar av jordbruksvarer avsetning for varene til stabile prisar, og til prisar som er fastsette i jordbruksavtalen. Ordninga skal sikre forsyningar i alle delar av landet til nokolunde like prisar, og skal først og fremst ta hand om dei temporære svingingane i marknaden på ein slik måte at ein unngår store prisfall. Ordninga skal verke konkurransenøytral mellom industriaktørane.

Omsetningsrådet er sett til å forvalte verkemidla i marknadsreguleringsordninga gjennom marknadsregulatorane (Nortura, Norske Fellekjøp og Tine). SLF er sekretariat for Omsetningsrådet.

### OMFATTANDE REGELENDINGAR

Omsetningsrådet heldt i 2009 fram arbeidet med å revidere Omsetningsrådets regelverk. Formålet med revisjonen er å gjere regelverket meir oversiktleg og oppdatert. I første omgang blei regelverket endra frå forskrift til retningslinjer. I andre fase, som går inn i 2010, går ein gjennom retningslinjene med tanke på oppdatering og modernisering, mellom anna med sikte på å vurdere innhaldet i regelverket. I 2009 blei det vedteke nye retningslinjer for korn, eple, matpoteter, honning og mjølk, mens retningslinjer for kjøt blei sende på høyring.

Jordbruksoppgjæret 2009 vedtok å leggje om marknadsordninga for storfe frå ei prisbasert til ei volumbasert ordning frå og med 1. juli 2009, noko som førte til endringar i regelverket under Omsetningsrådet. Frå same dato fastsette Omsetningsrådet også maksimalt årleg kvantum for innlegg av storfekjøt på reguleringslager, og i september vedtok Omsetningsrådets arbeidsutval endringar i retningslinjene for informasjonsflyt i kjøtsektorane.

På oppdrag frå avtalepartane ved jordbruksoppgjæret arbeidde Omsetningsrådet med ein finansieringsmodell for Opplysningskontoret for kjøt og Opplysningskontoret for egg og kvitt kjøt som sikrar at omsetningsavgifta maksimalt dekkjer 95 prosent av dei utgiftene opplysningskontora har til generisk marknadsføring frå og med budsjettåret 2010. Omsetningsrådet har bede SLF bidra til å utarbeide ein finansieringsmodell som også omfattar medfinansiering frå bransjen med fem prosent. Denne modellen skal vere klar før jordbruksforhandlingane i 2010.

I 2009 blei 6800 tonn matpoteter til ein kostnad av 15,0 mill. kr tekne ut av marknaden. Det blei produsert potetstivelse av overskotet. Førre gong det var regulering i potetmarknaden, var i 1998.

For 2009 løyvde Omsetningsrådet eit tilskot på inntil 7 mill. kr til marknadsføring av merkeordninga Nyt Norge i regi av KSL Matmerk. Løyvinga er i tråd med finansieringsplanen for åra 2009 til 2014, som føreset tilskot over jordbruksavtalen og frå handelen, i tillegg til omsetningsavgift. Tilsvarande blei det løyvd eit tilskot på inntil 8 mill. kr for 2010, under føresetnad av at dei andre aktørane også bidrog i tråd med finansieringsplanen.

For nærare omtale av marknadsreguleringstiltaka og marknads-situasjonen i 2009 viser vi til eigen årsrapport for Omsetningsrådet, som kjem seinare i vår.


## IMPORT OG TOLLADMINISTRERING

SLF innvilga i 2009 om lag 5000 individuelle tollreduksjonar og rundt 270 generelle tollreduksjonar. I 2009 var 68 prosent av landbruksvareimporten frå EU. Det er Danmark og Sverige som er Noregs viktigaste handelspartnarar for landbruksvarer, målt i verdi. Importen frå desse landa hadde ein verdi på 6,8 mrd. kr.

### KJØT

For storfe- og lammekjøt var marknaden prega av underdekning ved inngangen til 2009, og generelle tollreduksjonar var nødvendige for å sikre nødvendig supplement til norsk produksjon. For storfekjøt var det i fleire år behov for import gjennom generelle tollreduksjonar. Denne situasjonen snudde likevel til overproduksjon hausten 2009, mellom anna som følgje av redusert etterspørsel. Det var også marknadsdekning av svinekjøt gjennom heile året. Mot slutten av året var det overproduksjon av både storfe- og lammekjøt, så det var derfor ikkje behov for generelle tollreduksjonar for å supplere marknaden.

## RÅK-IMPORT



## KORN

Mykje av kornet frå sesongen 2008–2009 blei omdisponert frå mat til fôr. Derfor blei importbehovet for karbohydratråvarer til kraftfôr lite, samtidig som det blei eit stort behov for å importere matkorn. Våren 2009 fordelte SLF nye kvotar til kraftfôrindustrien, mellom anna fordi innhaldet av mykotoksin i det norske kornet var svært høgt.

Ein mindre kvote matkorn til nedsett toll blei fordelt i mai 2009, samtidig som ein god del korn blei overlagra til sesongen 2009–2010. Omfanget av mykotoksin i norsk korn ser ut til å bli minst like utfordrande i 2010 som i 2008 og 2009. Det vil kunne føre til endå fleire krav om å importere korn som kan blandast med det norske. På den måten vil innhaldet av mykotoksin blir redusert, og dermed vil bruken av det norske kornet auke.

## TOLLKVOTAR

Sidan 2000 har SLF fordelt tollkvotar med låg eller ingen toll via nettauksjonar. Dette gir ei konkurransenøytral og effektiv fordeling, fordi alle auksjonsdeltakarane har like stor moglegheit til å sikre seg attraktive importkvotar til låg eller ingen toll.

Det var 64 kvotar for landbruksvarer til fordeling i 2009, dei fleste fordelte ved auksjon. Durumkveite og kattermat frå Canada var nye kvotar av året. 110 føretak var godkjende for auksjonsdeltaking til dei 89 auksjonane som blei gjennomførte. Auksjonsprovenyet auka noko i 2009, frå 57 mill. kr i 2008 til 88 mill. kr.

Forskrifta om fordeling av tollkvotar for landbruksvarer blei endra, og førte med seg tekniske endringar i auksjonsløyisinga. Boda blei i større grad bindande, og det blei ikkje lenger lov til å redusere bodmengda i nytt bod til eit kvantum under det ein var tildelt.

I september heldt SLF restauksjon for mellom anna 25 prosent av kvantumet på WTO-kvoten for storfekjøtt. Årsaka til denne restauksjonen var manglande betaling for kvotar som var kjøpte hausten 2008. Dermed blei kvotepartane deira trekte tilbake og fordelte på nytt. I 2010 vil SLF vurdere endringar i regelverket for å sikre at auksjonsbeløpa blir betalte.

I november blei det oppnådd historisk pris på kvoten for råvarer til karbohydratråvarer med heile 108 kroner per tonn. Normal pris for kornkvotane har vore ca. 10–15 kroner per tonn.

Samarbeidet med Konkurransetilsynet er endå meir forsterka etter at det blei innført krav om eigenfråsegn i 2009. Eigenfråsegna frå auksjonsdeltakarane skal sikre at gjennomføringa av auksjonane og måten aktørane opptre på er i samsvar med formålet i konkurranselova.

## IMPORT AV RÅK-PRODUKT

SLF har i 2009 sendt ut nærare 11 000 tollmeldingar for RÅK-varer, og totalt inneheld SLFs database ca. 42 500 varer.

## INTERNETTBASERT SØKNADSBEHANDLING

Det er viktig for SLF å tilby brukarane effektive og framtidsretta løysingar for kommunikasjon og behandling av søknader. Hausten 2008 blei det elektroniske søknadssystemet Import av landbruksvarer sett i drift. Systemet gir ein betydeleg gevinst for næringslivet i form av spart tid, full oversikt over status på søknader, og nettbasert berekning av tollsatsar. I 2009 var det 261 bedrifter som brukte systemet. Om lag 60 prosent av søknadene om individuelle tollreduksjonar og kvoteuttak, dessutan om lag 70 prosent av råvaredeklarasjonane, blir sende via det elektroniske søknadssystemet. Det nye systemet har etter kvart gitt effektiviseringsgevinstar som er tekne ut i auka ressursar til saksbehandlingskontroll.

Det er viktig at vidareutviklinga av nettbaserte elektroniske søknadssystem for importørar og næringsmiddelindustri held fram. Dette vil bidra til større tilgjengelegheit, raskare og meir effektiv saksbehandling og betre kontroll.

## EKSPORT AV LANDBRUKSVARER

Eksport frå jordbruk og næringsmiddelindustri hadde i 2009 ein verdi på drygt 2,5 mrd. kr, om lag på same kronenivå som i 2008. Over to tredjedelar av eksportverdien var såkalla bearbeidde varer (RÅK-varer). Dei viktigaste varene i denne kategorien er sjokolade, bakverk og sukkervarer. Eksport av ost, og i nokon grad svinekjøtt, utgjør hovudtyngda av verdien av såkalla basisvarer.

EU (Sverige og Danmark er størst) er den viktigaste eksportmarknaden, men også eksporten til USA har eit visst omfang.

Eksporten av bearbeidde varer under RÅK-ordninga var i 2009 ca. 44 000 tonn, mot 50 000 tonn i 2008. Sidan 2006 er eksportkvantumet dermed redusert med 40 prosent. Verdien på eksportvarene i 2009 var ca. 1 mrd. kr, som er noko lågare enn i 2008. Verdien er likevel fem prosent høgare i 2009 enn i 2007. Meir enn 92 prosent av eksporten går til EU-området, og 67 prosent av eksporten til EU er til Sverige. Utbetalingane til eksportstøtte innanfor RÅK-ordninga var på 26,1 mill. kr i 2009, omtrent på nivå med 2008. Det var 23 bedrifter som nytta ordninga i 2009, mot 21 i 2008.

## INTERNASJONALT SAMARBEID

### UTVIKLINGA I WTO

Sidan byrjinga på 2000-talet har det vore i gang globale handelsforhandlingar i regi av WTO. På landbruksområdet skjer forhandlingane i hovudsak på tre område: marknadstilgang, internstøtte og eksportstøtte. SLF deltek med analysar og vurderingar i forhandlingane. Det har vore svært vanskeleg å komme til semje om hovudelementa i ein avtale, og tidskjemaet er endra fleire gonger. Endringar i administrasjonen i sentrale land som USA, India og EU, saman med uro i verdsøkonomien, har gitt liten framgang i forhandlingane i 2009. Dette gjer at det truleg vil ta tid å få på plass ein ny avtale. Inntil denne er ferdigforhandla, vil Noreg vere bunde av forpliktingane i gjeldande landbruksavtale.

### EU, ART. 19

I samsvar med særavtalen artikkel 19 skal EU og Noreg søkje å fremje handelen med basis i landbruksvarer (mjølk, kjøt, frukt, grønnsaker osv.). Førre artikkel 19-avtale blei sett i verk 1. juli 2003. Ein ny runde med artikkel 19-forhandlingar mellom EU og Noreg begynte i 2006. Det blei halde fleire møte i 2009 der SLF var med. Frå norsk side blir artikkel 19-forhandlingane sette i samanheng med WTO. Nye møte vil finne stad i 2010. Handelen med EU stod i 2009 for 68 prosent av totalimporten (i verdi) og 76 prosent av totaleksporten (i verdi) av landbruksvarer.

### FRIHANDELSAVTALAR

SLF har saman med LMD teke del i frihandelsforhandlingane med mellom anna India, Serbia, Albania, Ukraina og Kina. Med unntak av forhandlingane med Kina blir alle gjennomførte med andre EFTA-land.

### TRYGGLEIKSMEKANISMEN

Den norske ordninga for redusert toll frå utviklingsland (GSP) skal mellom anna gjennom tollpreferansar og betra marknad-

tilgang leggje til rette for at utviklingslanda får ein større del av eksporten av landbruksvarer til Noreg. Ein tryggleiksmekanisme er etablert for å unngå innanlandsk marknadsforstyrning, eller fare for slik forstyrning, som konsekvens av preferansetoll (låg eller ingen toll) ved import av landbruksvarer frå utviklingsland. Samtidig skal målsetjinga i GSP-ordninga om å leggje til rette for større import frå utviklingsland sikrast. Tryggleiksmekanismen skal brukast berre dersom det kan påvisast ein samanheng mellom marknadsforstyrringa og (potensiell) import frå utviklingsland. SLF har sidan juni 2009, med utgangspunkt i importstatistikk frå Tollvesenet, overvaka denne landbruksvareimporten.

## ORDNINGAR RETTA MOT NORSK MATINDUSTRI

### PRISNEDSKRIVINGSTILSKOT INNANFOR RÅK-ORDNINGA

Den norske matindustrien baserer seg i stor grad på bruk av norskproduserte jordbruksvarer. Produkta frå delar av denne industrien er prega av høg bearbeidingsgrad, og auka konkurranse frå importerte bearbeidde matvarer. For å sikre bedriftene gode rammevilkår er det etablert eit regelverk som skal sikre konkurransen med utanlandske aktørar. Mellom anna skal tilskotordningar syte for å jamne ut prisforskjellen mellom norske og utanlandsproduserte jordbruksvarer.

RÅK-ordninga omfattar prisnedskrivning, eksportstøtte og tollsatsar. Desse virkemidla skal til saman gi råvarepriskompensasjon (RÅK).

I 2009 blei det samla utbetalt 174 mill. kr i prisnedskrivning. Tilsvarende var det utbetalt 97 mill. kr i 2008 og 133,2 mill. kr i 2007. Talet på søkjarar gjekk her opp til 33 frå 31 i 2008. Auken kom i hovudsak av høgare prisnedskrivingssatsar. Pizza er den største vara i ordninga, følgd av sjokolade og iskrem. Til saman blei det gitt meir enn 130 mill. kr i prisnedskrivningstilskot for desse varene.

Internasjonale råvareprisar fall og var svært låge i 2008. I løpet av 2009 auka internasjonale råvareprisar noko og såg ut til å stabilisere seg på nivået frå før prispallet. Jordbruksavtalen 2008 resulterte i vesentleg auke i norske målprisar. Dei auka målprisane gav auka råvareprisar for RÅK-industrien, og prisauken blei gjennomførte trinnvis. Kompensasjonsforhandlingane rundt årsskiftet 2008–2009 førte til ytterlegare prisauke. Store skilnader mellom norske og internasjonale råvareprisar gir svekt konkurransesituasjon for norsk næringsmiddelindustri, og kompensasjonsbehovet i RÅK-ordninga var derfor høgare i 2009 enn i tidlegare år. Som følgje av dette auka kompensasjonsbehovet tilskotssatsane i RÅK-ordninga frå 1. januar 2009. Dermed blei det vesentleg større utbetalingar i tilskota i RÅK-ordninga i 2009 enn 2008.





#### **NY FORSKRIFT OM TILSKOT TIL NÆRINGSMIDDELINDUSTRIEN**

LMD fastsette ny forskrift om råvareprisutjamning den 10. juni 2009. Forskrifta erstatta fire forskrifter, og bidrog til å forenkle og samle regelverket for dei ulike ordningane.

Som følgje av den nye forskrifta blei ca. 2000 varereseptar registrerte som grunnlag for utbetaling av tilskot. Utbetalningar med grunnlag i desse reseptane skjer for sal etter 1. januar 2010.

#### **KONSERVESORDNINGA**

Talet på konserverbedrifter som deltek i konserverordninga, er stabilt på ca. 30 bedrifter. Konserverordninga omfattar bær, grønnsaker og epleaft/konsentrat.

Produksjonen av grønnsaker som blir leverte til konserverindustrien, har auka dei seinare åra. Dei tradisjonelle norske grønnsakene sel godt. Etter fleire år med auke i produksjonen av bær til industrien har det vore ein viss nedgang dei to siste åra. I 2009 var leveransane av raude bær til industrien låge, noko som hadde årsak både i vêrforholda og i at produsentane leverte ein større part til konsummarknaden, der dei kunne ta ut ein vesentleg høgare pris. For å auke leveransane til industrien blei det frå og med 2009 forhandla fram høgare prisar på industribær. Med ein liten nedgang i produksjonen og eit stabilt forbruk av bær auka importen.

SLF deltek i ei arbeidsgruppe med LMD som går gjennom konserverforskrifta. Dette arbeidet vil halde fram i 2010, og resultatet av arbeidet skal munne ut i ei ny konserverforskrift i 2010.

#### **UTANLANDS BEARBEIDING**

Tollreduksjonar for landbruksvarer som blir importerte att etter bearbeiding i utlandet, blir regulerte i eiga forskrift. Innførselen av kjøt- og meierivarer er regulert gjennom kvotar, som blir auksjonerte av SLF for tre år om gongen. Neste auksjon finn stad hausten 2010. Andre varer kan importerast i uavgrensa omfang, men verksemdene må først få løyve til å importere til redusert tollsats frå SLF.

Ved utgangen av 2009 var det i underkant av 40 verksemdar som hadde gyldige løyve knytte til ordninga. Av desse var det ca. 15 verksemdar som importerte kjøt og kjøtvarer på kvote, og tre som importerte meierivarer på kvote.

I 2009 konsentrerte SLF seg om å kontrollere dei som importerer innanfor ordninga for utanlands bearbeiding, noko som også involverte tollstyresmaktene. Mellom anna diskuterte SLF kontrollmogleighetene ved eksport av landbruksvarer på ordninga med Tollregion Midt-Noreg. SLF deltok også i kontrollarbeid i regi av tollstyresmaktene. Kontrollarbeidet vil bli ført vidare i 2010.

#### **UTFORDRANDE PRISSVINGINGAR**

Importvern og kompensasjonsordningar skal bidra til å jamne ut effekten av internasjonale prissvingingar for norsk landbruk og norsk matindustri. Forvaltninga av ordningane skal vere føreseieleg og ta atterhald for dei kraftige svingingane vi har sett i dei seinare åra. Pris- og valutasvingingar på den internasjonale marknaden for landbruksvarer var betydeleg i 2008 og 2009, og SLF erfarer at dette skjerpar kravet til marknadsovervaking, forvaltning og utforming av ordningane.





# Administrasjon

På resultatområdet administrasjon har SLF oppgaver knytte til organisasjonsutvikling, personalforvaltning, rekneskapsføring, økonomistyring, beredskap, IKT drift og utvikling og andre fellestenester som sentralbord og arkiv. Dette skal bidra til ei velfungerande verksemd som utnyttar ressursane sine på ein effektiv måte, og som gjennom forvaltning og rådgiving sikrar brukarane effektive tenester.

## E-FORVALTNING

For å sikre at aktivitetane på IT-området bidreg optimalt til å gjennomføre SLFs strategi, er det innført porteføljestyling av IT-aktivitetane. Formålet med IT-porteføljestyling er også å realisere ei meir strategisk utvikling av vår tekniske plattform for elektronisk forvaltning. Ei strategisk utvikling på det tekniske området er nødvendig for å gjennomføre effektivt og løysamt vedlikehald og utviklingsarbeid.

Tenestene til SLF blir støtta av ei rad IKT-system og er definerte som eitt av risikoområda til SLF. I periodar er desse systema kritiske for at SLF skal kunne halde oppe tilfredsstillande tenester. Fleire av IKT-systema til SLF er nasjonale, og det er viktig at systema blir drifta på ein slik måte at tryggleiken er godt teken vare på, og at tilgjengelegheita til tenestene er sikra.

I 2009 er det spesielt prioritert aktivitetar som:

- bidreg til at SLFs strategi blir gjennomført
- gir gevinstar og forbetra tenester for brukarane
- bidreg til å redusere risikoen for driftsavbrot og ustabilitet, til dømes utfasing av gammal teknologi
- bidreg til å redusere IKT-kostnader og forenkle vedlikehald, til dømes ved etablering og bruk av felleskomponentar

SLF har sidan byrjinga prioritert å utvikle nye tenester for brukarane. Arbeid knytt til teknisk infrastruktur og plattform har av økonomiske grunnar ikkje vore mogleg å prioritere i like stor grad. Konsekvensen er eit større etterslep av aktivitetar som bør utført på teknisk infrastruktur og plattform for å sikre forsvarleg og

stabil drift av SLFs IT-løysingar. I 2009 blei det sett i gang fleire aktivitetar for å redusere risikoen knytt til ei eldre plattform.

Her er nokre hovudresultat av IT-porteføljen 2009:

- Vellukka vedlikehald og drift av våre elektroniske tenester.
- Første trinn av flytting av utbetalingsløysing for produksjons-tilskot og avløysartilskot til ny økonomiløysing er gjennomført, ved at såkalla hovudutbetalingar er flytta. Som ein del av arbeidet er det utvikla ein felleskomponent som vil bli brukt på nytt i all integrasjon mellom fagsystem (forsystem) og økonomisystem.
- Løysing for å støtte forvaltninga av pristilskot for kjøt og ull er ferdig utvikla og sett i drift, og gammal stormaskinløysing er avvikla. Løysinga byggjer vidare på allereie utvikla løysing for forvaltning av kvoteordninga for mjølk.
- Det blei gjennomført eit pilotprosjekt for elektronisk innlevering av søknader knytte til regionalt miljøprogram (RMP) i to fylke. I prosjektet blei det lagt vekt på å prøve ut same web-skjemateknologi som no vil bli brukt i Altinn, for å leggje best mogleg til rette for integrering.
- Ny løysing for forvaltning av skogfond og tilskot innanfor skogsektoren er påbegynt.
- Første versjon av løysing for forvaltning av prisutjamningsordninga for mjølk blei sett i drift. Løysinga har førebels avgrensa funksjonalitet.
- Det er greidd ut ny publiseringsløysing for Internett og intranett, og det er gjennomført eit forprosjekt for å vurdere om tilrådd løysing er eigna.
- Det er utvikla eit nytt sluttbrukarlag for LIB (Statens land-

bruksforvaltning sin informasjonsbase). Det nye sluttbrukarlaget er førebels teke i bruk for skogordningane, og vil i 2010 bli teke i bruk for andre område.

- Endringar som har oppstått som følgje av jordbruksoppgjeret i 2009, er handterte og under arbeid.
- På oppdrag frå LMD har SLF utvikla ein tenestekatalog for LMD og underliggjande etatar. Vi har førebels publisert åtte applikasjonar, tre datakjelder og éi netteneste.

SLF har integrert nettenestene sine med Altinn. Seks av dei elektroniske tenestene våre er per i dag tilgjengelege med pålogging via Altinn:

- Erstatningsordningane i landbruket
- Import av landbruksvarer
- Kvoteordninga for mjølk
- Regionalt miljøtilskot – Hedmark og Oppland
- Skogfondssystemet
- Søknad om produksjonstilskot i jordbruket

Datautveksling mellom SLF og tilskotsformidlarar knytte til tilskot og avgifter skjer via egne FTP-løysingar. Desse vil bli formidla via Altinn så snart denne tenesta er tilgjengeleg.

I tillegg har SLF tilgjengeleggjort kunderegisteret sitt (landbruksregisteret) og ein informasjonsbase (LIB) for saksbehandlarar i landbruksforvaltninga.

#### **NYSKAFFINGAR**

I 2009 har SLF inngått fleire nye rammeavtalar:

- IT-utstyr og -lisensar
- kontorrekvisita og kopipapir
- juridiske tenester
- kantinedrift
- bedriftshelseteneste

Vidare er det gjennomført konkurranseutsetjing av telefonitenes-ter, og det er førebudd konkurranseutsetjing av kommunikasjons-løysing, IKT-drift og IKT-applikasjonsutvikling og -vedlikehald. I tillegg blei konkurranseutsetjing av reisebyråtenester slutført i 2009.

#### **BEREDSKAP**

I 2009 har SLF revidert beredskapsplanane på dei ulike områda og evaluert øvinga som blei gjennomført i desember 2008. I 2009 er det gjort ei sårbarheitsvurdering i SLF ved 15 prosent og 40 prosent frávær som følgje av pandemisk influensa, og moglege tiltak er vurderte. Planlagde tiltak for 2010 er å få ferdig beredskapsplanen for skogområdet, gjennomføre beredskapsøving og å setje i verk tiltak for bevisstgjering og kompetansebygging knytt til tryggleik.

#### **GRØN STAT**

SLF fører vidare ordningane innanfor miljøleing i staten. Tiltak som er gjennomførte, er desse:

- Talet på PC-ar blir redusert ved at heimekontorbrukarar skal ha berre éin berbar PC. Denne skal nyttast både hos SLF og heime.
- SLF har førebudd overgang til bruk av tynnklientløysing internt i bedrifta, noko som forlengjer brukstida for eksterne PC-ar. Ved innkjøp av nye PC-ar blir det skaffa berre berbare. Dette er mellom anna fordi desse er meir energiøkonomiske. Eldre PC-ar blir gjenbrukte saman med tynnklientløysing, eventuelt kombinert med bruk av energieffektive terminalklientar.

For å sikre ei forsvarleg og miljøvennleg gjenvinning har SLF gjort avtale om returordning for elektronisk utstyr. Miljøkrav er vekt-lagde, og spesielt handtering av elektronisk avfall ved gjenbruk eller gjenvinning av delar eller materiale. I 2009 gjorde SLF ein rammeavtale for innkjøp av kontorrekvisita og kopipapir, der miljøkrav er stilte. Vi stiller også miljøkrav ved kjøp av tenester frå eksternt trykkjeri og til reinhaldsprodukt som blir brukte i SLF. I tillegg har SLF ei ordning for bortkjøring og resirkulering av papiravfall.

SLF har redusert papirinnkjøpet med ti prosent frå 2008 til 2009 etter overgang til fullelektronisk arkiv frå 1. januar 2009, dessutan til større skjermar/toskjermløysingar. SLF har i tillegg redusert straumforbruket med ca. 16 000 kWh sidan i fjor. Dette er mellom anna resultat av meir merksemd rundt verdien av å slå av maskinutstyr og lys, bruk av tidsbrytarar og mindre kjølebehov ved overgang til virtualisering av servermiljø.

#### **PERSONAL- OG ORGANISASJONSUTVIKLING**

Per 31. desember 2009 hadde SLF 186,9 årsverk fordelt på følgjande fagområde: areal- og samfunnsplanlegging (20), miljø (14), tradisjonelt jordbruk (72), omsetning/marknadstiltak/importvern (74) og skogdrift (7). Av dei tilsette er det 56,15 prosent kvinner og 43,85 prosent menn. Det er fleire kvinner i to avdelingar (avdeling administrasjon og avdeling landbruksproduksjon), i kommunikasjonsstaben er fleirtalet menn, mens kjønnsfordelinga er tilnærma lik i to avdelingar (avdeling handel og industri og avdeling ressurs og areal). 21 kvinner er i deltidsstilling, mens det tilsvarende talet for menn er 2. Dette er omtrent same tal som i 2008 (20 kvinner og to menn).

I 2009 var det ein turnover på 9,6 prosent inkludert tilsette som gjekk av med pensjon. Ser vi bort frå dei som har gått av med pensjon, har SLF ein turnover på 7,5 prosent. I 2008 var tilsvarende tal 5,2 prosent.

SLF følgjer opp statleg arbeidsgivarpolitikk og bruker dei verkemidla som denne gir. Det blir jamleg halde møte med tenestemannsorganisasjonane, og samarbeidet med dei tillitsvalde fungerer godt.



SLF er opptekne av å bidra til god helse og trivsel hos medarbeiderane våre. Treningskampanjen som blei påbegynt i 2006, er no ei veletablert ordning, og omtrent halvparten av alle medarbeidarar er med. Arbeidet for eit inkluderande arbeidsliv er ført vidare i 2009, og vi arbeider kontinuerleg med førebygging og oppfølging av sjukefråvær og aktiv tilrettelegging for enkeltmedarbeidarar. SLF hadde eit noko høgare langtidsfråvær i 2009 enn i 2008, som var eit år med spesielt lågt fråvær. Sjukefråværet i 2009 var på 5,8 prosent, som er ein auke på 2,5 prosentpoeng frå 2008.

OVERTID OG FRÅVÆR	Totalt	Kvinner	Menn
Overtid, timar	2203	63,3 %	36,7 %
Velferdspermisjon, timar	1987	76,0 %	24,0 %
Sjukefråvær	5,8 %	6,6 %	4,8 %

Verneomboda har på eige initiativ laga ein brosjyre til alle medarbeidarar som viser kva haldningar og ansvar vi har overfor arbeidsmiljøet vårt. Det er nulltoleranse for mobbing i SLF.

#### ORGANISASJONSUTVIKLING

2009 var eit utfordrande budsjettår for SLF. For å møte denne situasjonen sette vi i verk fleire tiltak. Eitt av tiltaka var å justere organisasjonsstrukturen der oppgåver som tidlegare låg til avdeling omsetning og marknadstiltak blei flytta til dei andre

avdelingane. Satsinga på økologisk produksjon og forbruk blei flytta til avdeling ressurs og areal; ekstern kontroll og sekretariatsoppgåvene for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og Forskningsmidlane over jordbruksavtalen til avdeling landbruksproduksjon; marknadsordningane til avdeling handel og industri og beredskap til avdeling administrasjon.

I 2009 blei også to seksjonar i avdeling landbruksproduksjon slådde saman for å sikre ei betre organisering og meir effektiv ressursbruk.

I 2008 vedtok SLF å etablere ein ny seksjon i avdeling administrasjon, Service- og dokumentasjonssenteret. Dette for å samordne og effektivisere arbeidet med å betre den eksterne og interne servicen. I 2009 har denne seksjonen arbeidd med å definere tenestetilbod og å fastsetje servicenivå.


Omorganiseringane sikrar meir effektiv ressursutnytting, og styrkjer SLFs evne til å handtere faglege utfordringar.

SLF gjekk over til fullelektronisk arkiv frå og med 1. januar 2009. Vi har opplevd stor interesse utanfrå for løysingane våre når det gjeld integrasjon mellom arkivsystem og fagsystem.

#### KOMPETANSEUTVIKLING

SLF har eit eige kompetanseprogram som tilbyr kollektive og individuelle opplæringstiltak for leiarar og medarbeidarar. Kompe-

## KJØNNSFORDELING OG GJENNOMSNIITTELEG AVLØNNING FOR KVINNER OG MENN PER 31.12.2009\* OG UTVIKLING SIDAN 2008



\* Figuren inkluderer både tilsette som er i lønt permisjon, og vikarane deira. Administrerende direktør som er lønt på leiarlønskontrakt, er halden utanom i denne oversikta.

tanseprogrammet er eit supplement til den kompetanseutviklinga medarbeidarane får i avdelingane. Kompetanseprogrammet tilbyr felles kurs og seminar og moglegheit for å søkje stipend til etter- og vidareutdanning dessutan ekstern hospitering. Totalt blei det arrangert 18 kurs og seminar i 2009.

I 2009 har alle leiarane i SLF fått ei innføring i *Plattform for statleg leiang*. Det er utarbeidd eit leiar- og leiingsutviklingsprogram som byggjer på Plattform for statleg leiang. Programmet, som rettar seg mot alle leiarane, blei sett i gang i første halvdel av 2010.

SLF er godkjent som lærebedrift innanfor IKT-driftsfaget, og i august 2009 fekk den første lærlingen vår fagbrevet.

### MANGFALD OG LIKESTILLING


Som arbeidsgivar er SLF opptekne av å fremje likestilling og motverke diskriminering. Det er eit personalpolitisk mål at staten skal

auke rekrutteringa av tilsette med innvandrarbakgrunn og tilsette med redusert funksjonsevne. I tråd med sentrale retningslinjer og personalpolitikken i SLF, blir kvalifiserte innvandrarak og søkjarar med redusert funksjonsevne kalla inn til stillingsintervju ved rekruttering til ledige stillingar. Vi er også positive til å ta inn praktikantar der vi har relevante oppgåver å tilby og kapasitet til å gi opplæring. I 2009 har SLF hatt to praktikantar. Vi deltok også i Direktoratats traineeprogram for personar med høgare utdanning og nedsett funksjonsevne i 2008–2009, og gjorde oss gode. SLF gjorde seg gode erfaringar med dette tiltaket.

Totalt tre kvinner og ein mann i SLF fekk stipend til etter- og vidareutdanning i 2009. Når det gjeld deltaking på interne kurs og seminar, var kvinnedelen 60 prosent. I 2008 var tilsvarande tal 69 prosent.

På bakgrunn av resultatet av det sentrale oppgjeret og budsjettssituasjonen i SLF blei det ikkje gjennomført lokale lønnsfor-

## LIKESTILLING LØNN – UTVIKLING OVER TID



Det har jamnt over vore overvekt av kvinner i SLF. I tråd med dette er det også fleire kvinner enn menn som er prosjektleiarar. Delen kvinnelege leiarar har derimot variert dei siste fire åra. SLF har, som staten for øvrig, eit mål om at kvinndelen av leiarar skal være minimum 40 prosent.

handlingar i 2009. SLF fokuserer på likelønn ved innplassering av nytilsette. Gjennomgåande tener dei mannlege tilsette i gjennomsnitt meir enn dei kvinnelege kollegaene. Alle lønnsforskjellar er ikkje nødvendigvis kjønnsavgrensa. Forskjellar i alder kan til dømes vere med på å forklare lønnsforskjellar mellom kvinner og menn.

Ei oversikt over SLFs tiltak innanfor mangfald, likestilling og antidiskriminering er utarbeidd og følgjer som eige vedlegg til LMD. SLF er i ferd med å vurdere behovet for fleire tiltak.


### UTFORDRINGAR FRAMOVER

- SLF opplever at tilgangen på kvalifisert arbeidskraft er grei. Det er likevel viktig å behalde dyktige medarbeidarar og vidareutvikle kompetansen deira innanfor fag, forvaltning og samfunn på ein slik måte at SLF fyller rolla som direktorat og har evne til å tilpasse seg framtidige endringar i rammevilkåra.
- Viktige satsingsområde i tida framover er å vidareutvikle leiarskapen og medarbeiderskapen i SLF. I året som kjem, vil vi leggje endå sterkare vekt på førebygging og oppfølging av sjukefråvær, slik at vi kan nå målet om at sjukefråværet ikkje skal overstige fire prosent på årsbasis. SLF ønskjer også å spegle av mangfaldet i samfunnet gjennom rekruttering og inkludering av tilsette med innvandrarakgrunn og nedsett funksjonsevne.

## LIKESTILLING – LØNNSUTVIKLING OVER TID

— Kvinner sin del av menn si lønn (prosent)

— Menn sin del av kvinner si lønn (prosent)



Sjølv om kvinner enno er underrepresenterte i leiinga, ser vi at dei tener meir enn sine mannlege kollegaer, og at prosentdelen av mennene si lønn er stigande. Vi ser også ei positiv utvikling i dei kvinnelege rådgivarane sin del av menn si lønn frå 2008 til 2009.



## Kommunikasjon

Kommunikasjonsstaben (KOS) koordinerer informasjonsverksemda i SLF, og bidreg i samarbeid med avdelingane til at verksemda kommuniserer aktivt, samordna og brukarretta. Openheit og innsyn skal leggjast vekt på i tråd med SLFs verdjar.

I 2009 har vi arbeidd mykje med opprusting av SLFs nettstad. Resultatet har vore at nettstaden er blitt meir brukarvennleg. Besøktala på nettsidene har gått kraftig opp, og i den årlege kvalitetsevalueringa til Noreg.no forbetra vi resultatet vårt med tre prosent og fekk for første gong fem stjerner. Vi har likevel enno utfordringar både når det gjeld tilgjengelegheit, brukartilpassing og nyttig innhald. For å komme vidare i dette arbeidet er det no nødvendig å skifte publiseringsløysing. I 2008 greidde vi ut behovet for å skifte løysing, og i 2009 laga vi ein plan for implementering av ny plattform for publisering på web. Arbeidet byrja på nyåret, og planen er å presentere dei nye nettsidene i juni 2010.

I løpet av året har vi lagt litt mindre vekt på nettnyheiter og litt meir vekt på å gjere data vi samlar inn, tilgjengelege gjennom presentasjon av statistikk og bakgrunnsinformasjon. Sjå statistikk og utviklingstrekk i norsk jordbruk på nettsidene til SLF. SLF

produserte likevel ca. 320 nettnyheiter i 2009. Det er 30 færre enn året før.

Den nye offentleglova tredde i kraft 1. januar 2009, og SLF har i den samanhengen utarbeidd ein intern rettleiar. Kommunikasjonsstaben arrangerte eit seminar om lova og praktiseringa av ho for alle kommunikasjonsmedarbeidarane i Landbruks- og matdepartementet og dei andre offentlege verksemdene i landbrukssektoren. SLF har også halde internt seminar om lova for alle medarbeidarane.

Hausten 2009 gjennomførte SLF ei brukarundersøking blant jordbruksføretak. Temaet var oppsummert tilfredsheit med tenester, informasjon og generelt inntrykk av SLF. Svare var jamt over tilfredsstillande og låg på om lag same nivå som ved tilsvarende undersøking i 2006. Unntaket var spørsmål om rettleiing i samband med søknad om produksjonstilskot, der tilfredsheita





var vesentleg betra etter ei omlegging av materialet. Vi spurde også om kva slags kanalar brukarane føretrekte når dei skulle kontakte oss, og når vi skulle kontakte dei. Resultata viste ei stor endring når det gjeld bruk av nettsidene til SLF. I 2009 sa heile 83 prosent av dei som hadde kontakta oss, at dei hadde vore inne på nettsidene til SLF, mens berre 16 prosent sa dei hadde vore på nettsidene til SLF i 2006. Tal for kanalar som telefon, post, e-post og møte viser alle stor tilbakegang. Alle resultata frå brukarundersøkinga ligg under «Om SLF» på [sif.dep.no](http://sif.dep.no).

I 2009 blei vi for første gong med på undersøkinga PR-barometeret, der ein måler journalistar sin kjennskap til og inntrykk av offentlege og private verksemder. Resultata er stort sett gjennomsnittlege samanlikna med andre statlege verksemder, men visar samtidig at SLF enno har mykje ugjort særleg når det gjeld meir aktiv og oppsøkjande kommunikasjon mot redaksjonane. På dette området ligg SLF klart under gjennomsnittet.

#### UTFORDRINGAR FRAMOVER

- I 2010 ønskjer vi å setje meir konkrete mål for resultatoppnåing på kommunikasjonsområdet på bakgrunn av målgruppeundersøkingar og andre målingar. Her vil utfordringa bestå både i å finne gode mål og i å finne ei klar ansvarsfordeling for å nå desse måla.
- Ei anna viktig utfordring er å betre bruken av kommunikasjon som verkemiddel for å få betre effekt av dei andre verkemidla. Dette betyr til dømes å syte for at det blir ein god rutine å planleggje informasjonsarbeidet i høve til alle regelendingar og systemendingar.



# Kontroll

Statens landbruksforvaltning har etablert rutinar og system som skal sikre at dei økonomiske og juridiske verkemidla blir forvalta i samsvar med Stortingets føresetnader. Dette er ei omfattande og krevjande oppgåve for forvaltninga. Ein tilfredsstillande kontroll er avgjerande for tilliten til forvaltninga og legitimiteten til politikken og verkemidla.

SLF har intern kontroll i linja. Internkontrollen skal sikre effektiv ressursbruk, korrekt rekneskap, påliteleg informasjon og saksbehandling, dessutan at lover og reglar blir følgde. Som del av internkontrollen i SLF blir det gjennomført automatiske administrative kontrolltiltak.

SLF har etablert ei eiga kontrollleining, seksjon ekstern kontroll. Kontrollleininga har som oppgåve å føre manuelle stikkprøvekontrollar med at føresetnadene for å få ulike tilskot og rettar er til stades. Oppdraget til kontrollverksemda er å rette feil og kartlegge om måla blir nådde, og om alle vilkåra blir etterlevde. Desse kontrolltiltaka er viktige for å støtte opp om målet om einskapleg og effektiv forvaltning av dei landbrukspolitiske verkemidla som SLF har ansvaret for. SLF arbeider aktivt med å betre og effektivisere kontrollane og sikre at dei rapporterte kontrollresultata blir følgde opp, både internt og i dialog med fylkesmenn, kommunar og aktuelle føretak/selskap.

## RISIKOVURDERINGAR

Risikovurderingar blir nytta som grunnlag for å planleggje kontrollaktivitet. Dette inneber at kontrollobjekta blir valde ut etter ei vurdering både av risiko for at feil kan oppstå, og av moglege konsekvensar dersom feil oppstår. Kontrollar kan også veljast ut på bakgrunn av tips.

I 2009 blei ordningane risikovurderte, og resultata vil danne grunnlag for å velje kontrollobjekt i perioden 2010–2013.

## RESULTAT AV STIKKPRØVEKONTROLLAR I 2009

Det blei gjennomført risikobaserte stikkprøvekontrollar av tilskotsordningar, rettar og avgifter. Kontrollane blei gjennomførte både som stadlege kontrollar hos føretak/selskap og dokumentkontrollar. Funn i samband med kontrollar er viktige resultat som er grunnlag for vedtak som rettar opp feil eller medverkar til å betre regelverk og retningslinjer. Ved oppfølging av éi kontrollsak var funna såpass grove at saka blei meld til politiet.

## FRÅ KONTROLLARBEIDET I 2009

SLF gjennomførte kontroll hos ei næringsmiddelbedrift som har fått tilskot til prisnedskrivning for bruk av norske råvarer. I tillegg har bedrifta fått tilskot innanfor ordninga eksportrestitusjon. Ved kontrollen blei det funne feil i søkjegrunnlaget slik at det er ubetalt for mykje tilskot. SLF vil følgje opp kontrollsaka med krav om tilbakebetaling av for mykje utbetalt tilskot.

SLF gjennomførte ei vurdering og ein gjennomgang av gardskartprosessen i to fylke og fire kommunar. Innføring av nytt gardskart gir betre kontroll med og dokumentasjon av utbetaling av produksjonstilskot. Det er viktig at fylkesmannen legg vekt på å leggje føringar for kvalitetssikringsprosessen i kommunane, så denne blir utført på einsarta vis. Det er også viktig at ajourføringa og tilhøyrande rutinar blir lagde inn i landbrukskontora si daglege drift. Utan dette vil intensjonen og investerte ressursar miste krafta si, og arealavvika vil igjen auke for kvart år.



SLF har gjennomført kontroll av fleire føretak innanfor fjørfe-produksjonen av i kva grad regelverket knytt til distriktstilskot for fjørfeslakt og husdyrkonsesjon er overheldt. Det blei funne avvik og brot på regelverket hos fleire av føretaka. Sakene vil bli følgde opp vidare.

SLF har gjennomført kontroll hos eitt meieri i 2009. Formålet med kontrollen var å følgje opp merknadene som blei gitt etter kontroll i 2003. Det er funne avvik mellom innhenta dokumentasjon og søkjegrnlaget. Saka vil bli følgd opp vidare.

#### **SAMARBEID MED FYLKESMANNEN OM KONTROLL**

Kontrolleininga i SLF har ansvar for å følgje opp at fylkesmannen utfører det regionale kontrollansvaret sitt på ein tilfredsstillande måte.

Fylkesmannen rapporterer om kontrollverksemda si og resultatata frå kontrollane sine i årsrapporteringa til Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). SLF har gjennomgått desse rapportane og brukt dei som utgangspunkt for mellom anna innspel til styringsmøta som LMD og SLF har med fylkesmannsembeta.

Vidare har SLF i 2009 utarbeidd ein mal for risikobasert kontrollplan til bruk for embeta i planlegging av kontrollar. Arbeidet vil bli følgd opp framover.

SLF har også i 2009 arrangert eit todagars seminar for medarbeidarar hos fylkesmannen som arbeider med kontroll på landbruksområdet. Informasjon, erfaringsutveksling og metodisk tilnærming til vanskelege saker var temaet.

#### **SAMARBEID MED ANDRE OM KONTROLL**

SLF, Tollregion Oslo og Akershus og Mattilsynet Oslo har etablert eit nettverk som gjennom fleire år har hatt fellesmøte fleire gonger i året på området for kontroll av matvarer ved import. Formålet med møta er å utveksle kunnskap og å byggje opp felles kompetanse. Det blei halde fire møte i 2009.

I samsvar med ein samarbeidsavtale med Skattedirektoratet hentar SLF også inn informasjon frå Skatteetaten om føretak der SLF planlegg kontroll. Det har vore gjennomført eit møte der ein har diskutert ulike samarbeidsområde mellom kontrollseksjonen i SLF og Skattedirektoratet. SLF har også ein samarbeidsavtale med Mattilsynet der SLF kan få opplysningar i samband med kontroll.

**Statens landbruksforvaltning**

Postadresse: Postboks 8140 Dep.

NO-0033 Oslo, Norway

Besøksadresse: Stortingsgt. 28

Telefon: +47 24 13 10 00

Telefaks: +47 24 13 10 05

E-post: [postmottak@slf.dep.no](mailto:postmottak@slf.dep.no)

Web: [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no)

